
ÅRSMELDING 2009

NORDDAL KOMMUNE



INNHALD

Rådmannen sine kommentarar

1.0	Innleiing	3
2.0	Utvikling kommuneøkonomien o.a	3
3.0	Hovudutfordringar framover	4

Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal

1.0	Innleiing	5
2.0	Folketal	5
3.0	Arbeidsledige	5
4.0	Økonomiske nøkkeltal og analysar	
4.1	Driftsrekneskapen 2009 -hovudtal	5
4.3	Investeringar 2009 -hovudtal	7
4.4	Balanserekneskapen	8
	Nøkkeltal	8

Tenestene	10
------------------------	----

Vedlegg	33
----------------------	----

-samanstillingar, økonomiske og kvalitative indikatorar
-kommunestyresaker 2009, status

1.0 Innleiing

I tilknytning til rekneskapen vert det lagt fram ei årsmelding frå administrasjonen. Formålet med ei årsmelding er fleire. Årsmeldinga er eit viktig dokument i kommunen sitt informasjons- og rapporteringssystem knytt til:

- Måloppnåing i forhold til sentralt og lokalt vedtekne handlingsplanar
- Økonomiske nøkkeltal med informasjon om den økonomiske situasjonen i kommunen
- Ressursbruk og effektivitet
- Å ta opp kjende utfordringar/signal om endringar , som grunnlag for handling slik at vi er betre budd til å møte framtida
- Rullering av handlingsprogram med økonomiplan

Årsmeldinga bør difor brukast aktivt til å vurdere korrigeringsbehov i forhold til vedtekne planar og driftsomfang/-måtar. Årsmeldinga inneheld informasjon m.a. om tenesteproduksjonen som det er viktig å gi kommunestyret, innbyggjarane og andre innsikt i, med presentasjon av økonomiske oversiktar og ressursbruk.

Den kommunale verksemda er prega av høge politiske ambisjonar frå så vel lokalt som statleg nivå, ikkje berre m.o.t. omfang og kvalitet i tenesteproduksjonen, men også når det gjeld deltaking i ulike prosjekt og utviklingstiltak. Dette stiller store krav til effektivitet i organisasjonen, om ein skal klare å følgje opp den daglege drifta og samstundes halde framdrift i utviklingsarbeidet. Norddal kommune er i høgste grad det ein må kalle ein samfunnsaktiv kommune, der kommunen aleine eller i partnerskap med andre aktørar, tar initiativ for ny utvikling. Døme på nokre slike utviklingstiltak kommunen har jobba med i 2009, kan vere:

- Vidare arbeid med prosjektet "Muriparken", m.a. revidering av forprosjekt Storfjord helsesenter
- Nasjonal Turistveg – m.a.avklaringar regulering
- Arealplanarbeid - framhald
- Arbeid med verdsarvstatusen – fastare strukturering
- Åknes/Tafjord IKS – frå prosjektfase til drift
- Lokal forvaltning Reinheimen nasjonalpark og andre verneområde
- Interkommunalt samarbeid barnevern – vertskommune Skodje
- Interkommunalt samarbeid NAV Storfjorden – opning av 4 kontor under felles leiding
- Interkommunalt samarbeid avfallshandtering – etablering av ÅRIM
- Deltaking gjennom ÅRU i prosjekt e-kommune Sunnmøre

Mange av desse tiltaka/prosjekta er komplekse og arbeidskrevjande, og dei fleste er enno ikkje fullført. Ut frå dei ressursane ein har til rådvelde, er det rådmannen si oppfatning at dei fleste har vore følgd opp på ein god måte.

Andre tiltak/prosjekt i kommunal regi eller i samarbeid med andre som kan nemnast:

- Oppstart Kilstivegen
- Utbygging/renovering Valldal skule
- Organisering skule/barnehage Norddal/Eidsdal under felles leiding
- Etablering av fdv-bygg, brannstasjon og miljøstasjon i Djupøyna
- Utbetring fv 92 Fjørå
- Reetablering toalett Linge
- Strukturering av arbeidet i "Dørofnarprosjektet"
- Arrangering av Storfjordkonferansen

Utforminga av årsmeldinga byggjer på malen frå tidlegare år, og rådmannen meiner at forma på årsmeldinga no er rimeleg god ivaretatt av dei fleste driftseiningane og dei ulike fagområda i stab. Det er ønskjeleg med tilbakemeldingar og innspel frå politikarane – og andre - for å gjere ho endå betre.

2.0 Utvikling kommuneøkonomien

Driftsresultatet er positivt, men framleis er det slik at ein del av tenesteområda brukar meir pengar enn dei er tildelt gjennom budsjettrammer. Det har vore – og vert – arbeid med tettare oppfølging og kontrolltiltak for betre økonomistyring. Ved handsaminga av budsjettet uttrykte rådmannen at "Norddal kommune sin økonomi er god, men er den sunn?" i Grunnlaget for å seie at kommuneøkonomien er god, ligg i at Norddal, i motsetning til svært mange andre kommunar, ikkje slit med underskott og innstrammingar i drifta, men kan ha eit høgt nivå på tenesteproduksjonen. Spørsmålet om økonomien er sunn, er relatert til at vi nyttar alle ekstraintekter (konesjonskraft, eigedomsskatt) direkte i drifta, (nesten) utan å setje av økonomiske reservar til investeringar eller svingingar i kommuneøkonomien. Med ei relativt høg lånegjeld er det grunn til å vise varsemd i pengebrukn framover. Det er positivt at også fjoråret gav auke i folketalet (+32 innbyggjarar, 1801 pr. 31.12.09), etter ein sterk nedgang (-56) for 2007. Dette har verknad for overføringane frå staten, utan at ein her skal overvurdere den økonomiske sida. Samansetjinga av folkesetnaden er også viktig, m.a. med tanke på omfanget av tenesteproduksjonen og kostnadene ved denne. Det vert elles vist til kommentarane for rekneskapen nedanfor, og til årsmeldinga for dei ulike drifts-/fagområda.

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 4 av 34

3.0 Hovudutfordringar framover

Utfordringane for Norddal kommune er, i likskap med mange andre distriktskommunar, særleg knytt til busetnad og næringsutvikling. Kommunen sine eigeninntekter bør i endå større grad knyttast opp til strategiske utviklingstiltak framfor å takast ut i rein drift. Dette er sjølvstøtt politiske val som må gjerast, med tanke på ei berekraftig utvikling for lokalsamfunnet. Det er difor svært frustrerende at ei framtidsretta satsing som "Muriparken" inneber, i skrivande stund framleis vert hindra av uavklarte tolkingar av byggeteknisk forskrift. Sentrale mynde har brukt uventa lang tid for å gje desse avklaringane som er naudsynte for endeleg stadfesting av reguleringsplanen for Murigrandane, og dermed vidare framdrift for prosjekta som er knytt til "Muriparken."

Rekrutteringsproblem, særleg innan teknisk sektor, har gjort det vanskeleg å støtte dei politiske ambisjonane knytt til nye investerings- og driftstiltak. I nokon grad har ein kunna kompensere for dette gjennom kjøp av tenester, noko som er gjort i relativt stort omfang. Kvaliteten på dei tenestene ein har kjøpt, har jamt over vore god, men ulemp, ved sidan av høge kostnader, er at kompetansen som vert utvikla gjennom ulike prosjekt/tiltak, i stor grad ikkje vert liggjande att i kommunen. Det er difor rådmannen sin påstand at rekrutteringsutfordringane vil vere dei største kommunen står ovafor i kommande år, om ein skal lukkast i å oppretthalde kvantitet og kvalitet på tenesteproduksjonen. Den lansert samhandlingsreformen, der kommunane vil få utvida oppgåver innan helsestellet, m.a. ved rehabilitering og forebygging, vil bidra til å forsterke problematikken.

Interkommunalt samarbeid, gjennom ÅRU eller i mindre kommunepartnarskap, vil bli endå viktigare i tida framover med tanke på å kunne oppretthalde det kommunale tenestetilbodet. Eit utvida samarbeid innan fleire område med nabokommunen Stordal er under utvikling, og det vil kunne bidra til å styrke rekrutteringsmulegheitene og gjere oss mindre sårbare på ulike tenesteområde.

Norddal kommune har gode mulegheiter for å møte utfordringane framover, om ein har perspektiv ut over kvardagen og er viljug til meir strategisk og langsiktig tenking. Kommunen har god økonomi, som kan verte sunnare, og administrativt så vel som politisk er det vilje til deltaking i fornyings- og omstillingsprosessar for å skape ny utvikling. Denne samfunnsaktive haldninga må dyrkast, og vi må alle – kvar på vår plass – bidra til positiv omdømmebygging av kommunen!


ØKONOMISKE HOVDUTREKK OG NØKKELTAL

1.0 INNLEIING

Dei indikatorane som inngår i denne delen gjev informasjon om ein del hovudtrekk i økonomien. Norddal kommune skilde i 2008 ut alle eigedommar til Norddal Eigedomsselskap KF. Foretaket fører eige rekneskap og legg fram eiga årsmelding. I det følgjande er det stort sett tal frå Norddal kommune sitt rekneskap som vert kommentert. Dersom det er samla tal for kommune og foretak vert dette opplyst.

2.0 FOLKETAL

Folketalsutvikling og samansetjing av befolkning vil vere ein kritisk faktor for kommunen si utvikling og økonomi. Folketalsutviklinga i perioden 1980 - 2009 går fram av tabell:



Folketalet har hatt ei positiv utvikling. Etter ei nedadgåande kurve første del av 2000-talet har det dei 2 siste åra gått oppover att. Hovudgrunnen til veksten er tilflytting, sjølv om det i 2009 også var eit lite fødselsoverskot. Det må vere eit mål at folketalsauken held fram også komande år slik at negative prognoser vert gjort til skamme.

3.0 ARBEIDSLEDIGE – SYSSELSETTING

Talet på arbeidsledige i Norddal kommune har vore stabilt lavt i mange år. Etter nokre år med under 10 arbeidsledige, gjekk dette opp til eit gjennomsnitt på knappe 20 i 2009. Dette utgjer i underkant av 2 % av arbeidsstyrken. Det er både pendling ut av Norddal kommune og inn til kommunen. Høg sysselsetting er viktig for m.a. skatteinntekter til kommunen. Meir enn 20 % av sysselsette arbeider i primærnæringa. Dette er langt over gjennomsnittet både i fylket og landet og viser kor viktig denne næringa er for Norddal.

4.0 REKNESKAP

4.1 DRIFTSREKNESKAPEN 2009

Beløp i 1000 kr	Rekneskap 2009	Budsjett 2009	Rekneskap 2008
Rammetilskot	- 45 485	- 45 239	- 42 007
Skatt på inntekt, formue, eigedomsskatt	- 62 459	- 62 246	- 58 500
Overføringar med krav til motyting	- 20 188	- 16 435	- 25 609
Andre driftsinntekter	- 34 605	- 30 281	- 34 263
Sum driftsinntekter	- 162 737	- 154 201	- 160 379
Lønnsutgifter inkl sos. utgifter	106 955	103 241	99 054
Kjøp av varer og tenester	43 683	39 945	48 117
Overføringar	11 049	11 854	10 943
Avskrivningar, kalkulatoriske rtr/avdrag	3 812	5 300	2 962
Fordelte utgifter	-710	-2 708	-2 760
Sum driftsutgifter	164 789	157 632	158 316
Brutto driftsresultat	2 052	3 431	- 2 063

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 6 av 34

Sum Eksterne finansinntekter	- 8 173	- 8 880	- 5 678
Sum Eksterne finansutgifter	6 334	8 207	7 982
Resultat finanstransaksjonar	- 1 839	- 673	2 304
Motpost avskrivningar	- 3 812	- 5 300	- 2 962
Netto driftsresultat	- 3 599	- 2 542	- 2 722
Sum bruk av avsetningar	- 2 324	-1 128	- 7147
Sum avsetningar	5 923	3 670	9 869
Resultat mindre/meirforbruk	0	0	0

Driftsrekneskapet for 2009 gjev eit noko samansett bilete av året. Brutto driftsresultat er negativt. Altså er ikkje kommunen sine driftsinntekter og frie inntekter store nok til å dekke driftsutgiftene. Dette er betenkeleg og ein situasjon som har endra seg frå 2008. Kommunen likevel kjem ut med positivt netto driftsresultat grunna positiv total finans.

Driftsinntektene er betydeleg over budsjett, men det same er også driftsutgiftene, slik at avviket er nokolunde samanfallande totalt sett. Ein del inntekter har store avvik, spesielt når det gjeld overføringer. I denne posten ligg m.a. inntekt i form av kompensert mva og refusjon av sjuke- og foreldrepengar. Skatteinntekter og statlege overføringer er omlag som budsjettert. Det er eit stort avvik på statleg tilskot for ressurskrevjande brukarar i omsorgstenesta, der søknaden er kr 1 mill mindre enn forventa.

Av driftsutgifter er det særleg avvik på lønn og kjøp av tenester. Når det gjeld kjøp av tenester er innleige av konsulentar og ekstrahjelp er det største område med avvik, men også ein del forbrukspostar har for store avvik. Avskrivningar er nok feilbudsjettert grunna alle eigedommar er overført til KF. Fordelte utgifter er direkte ført i rekneskap, slik at dette kan forklare avviket.

Sjølv om netto driftsresultat er over budsjett, er det ikkje mogeleg å gjere dei føresette avsetningar og disponeringar ved årsavslutning. Grunnen til dette er ein del av driftsinntektene er øyremerka og når dei ikkje er brukt i 2009 må dei avsetast til bunde fond. Dette gjeld m.a. om lag kr 1 mill av konsesjonsavgift som skal brukast gjennom næringsfondet. Budsjettert avsetning til disposisjonsfond på kr 1.831.000 vert redusert til kr 869.745 og budsjettert overføring til investeringsrekneskapet med kr 1.200.000 må strykast. Desse disponeringane må strykast i samsvar med Forskrift for kommunale rekneskap § 9.

4.1.1 Frie inntekter

Beløp i 1000 kroner	2005	2006	2007	2008	2009
Sum rammetilskot	- 32 905	- 31 585	- 33 239	- 42 007	- 45 485
Skatt på formue og inntekt, naturressursskatt	- 35 621	- 38 262	- 38 616	- 40 546	- 42 013
Eigedomsskatt	- 11 166	- 13 345	- 17 741	-17 954	- 17 930
Konsesjonskraft	- 5 831	- 8 605	- 14 587	- 13 626	- 11 972
Sum frie inntekter	- 85 523	- 91 797	- 104 183	- 114 133	- 119 409
Endring i %	5,70 %	7,30 %	13,50 %	9,50 %	4,62 %

Dei frie inntektene viser ein auke også i 2009, men ikkje så stor som dei siste åra. Ein grunn til dette er at verdi av konsesjonskrafta gjekk ned i 2009. Konsesjonskrafta vert seld på 1-års kontrakt og verdi vert difor påverka av svingingar i marknaden.

4.1.2 Lønnskostnader

1000 kr	2005	2006	2007	2008	2009
Lønn og sosiale utgifter	89 656	96 064	98 443	99 004	106 955
Brutto driftsutgifter	125 876	134 425	146 778	158 316	164 789
%-vis utgifter til lønn	71,20 %	71,50 %	67,10 %	62,60 %	64,90 %
Refusjon sjukelønn/foreldrepengar	- 4 102	- 4 137	- 5 169	- 3 748	- 4 424

Det er ein stor auke i lønnskostnader frå 2008. Ein del av dette gjeld generell lønnsauke, med ei ramme i lønnsoppgjeret på om lag 3,5 %. Det er også auke i vikarutgiftene, spesielt til sjukevikar. Utover det har utgifter til fast lønn auka gjennom ein auke i talet på årsverk.

Målt mot budsjett er fast lønn nokså nær budsjetterte tal. Vikarutgifter, særleg sjukevikar, og kostnader til ekstrahjelp ligg imidlertid godt over budsjettet. Totale pensjonskostnader ligg under budsjett p.g.a. tilbakeføring frå premiefond i KLP. Refusjonar er godt over budsjett. Totalt er netto lønnskostnader er om lag kr 1,6 mill over budsjett.

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 7 av 34

4.1.4 Finans renteutgifter/-inntekter og avdrag.

Netto finans gjev i 2009 eit positivt bidrag i kommunerekneskapet. Tidlegare år har dette vore negativt. Grunnen til positive tal i 2009 er eit stort aksjeutbyte frå Tafjord Kraft og lav utlånsrente i store delar av året som gav lavare renteutgifter enn på mange år.

4.2 KONSERN

Følgjande gjev ein oversikt over samla driftsrekneskap for Norddal kommune og Norddal Eigedomsselskap KF.

Beløp i 1000 kr	Rekneskap 2009	Budsjett 2009	Rekneskap 2008
Sum driftsinntekter	- 188 412	- 174 248	- 181 083
Sum driftsutgifter	185 082	174 902	174 496
Brutto driftsresultat	- 3 330	654	- 6 587
Finanstransaksjonar	287	2 033	6 564
Motpost avskrivningar	- 3 812	- 5 300	- 2 962
Netto driftsresultat	- 6 855	- 2 613	- 2 985
Bruk av avsetningar	- 2 324	- 1 128	-7 147
Avsetningar frie og bundne fond	6 021	3 670	9 869
Avsett egenkapital KF - mva investering	2 443		0
Avsett egenkapital KF - resultat 2009	715	71	263
Resultat mindre/meirforbruk	0	0	0

I tala ligg det husleige frå kommunen til foretaket med i alt kr 16.449.000. I tillegg er det kjøp av tenester av mellom foretaket og kommunen for om lag kr 450.000. Det er inntektsført kr 2,4 mill i mva-kompensasjon på investeringar i foretaket. Dette er overført til egenkapital som delfinansiering av investeringar i foretaket i samsvar med politiske vedtak. Foretaket sitt rekneskap bidreg positivt inn i det totale rekneskapet både i brutto – og nettoresultat. Høge finanskostnader trekker i andre retninga. Totalt vert resultatet kr 715.000 overført til fri egenkapital i foretaket

4.3 INVESTERINGAR 2009

Beløp i 1000 kr	Rekneskap 2009	Budsjett 2009	Rekneskap 2008
Inntekter	-1563	-200	- 965
Investering anleggsmidlar	12 606	27 626	18 582
Dekning av forrige års udekka	7499	7499	277
Avsetting til ubundne investeringsfond	1 714	1714	3 500
Kjøp av aksjer/andeler	289	1200	1 664
Finansieringsbehov	20 545	37 839	23 058
Bruk av lån	- 19 929	- 25 494	- 8404
Mottatte avdrag på utlån	- 203	- 100	- 173
Overført frå driftsregnskapet	0	- 1 200	- 5 571
Bruk av ubundne investeringsfond	0	0	- 886
Bruk av bundne fond	- 320	- 320	- 525
Udekka/udisponert	-93	* - 10 725	- 7 499
Sum finansiering	- 20 545	- 37 839	23 058

* beløpet gjeld tidlegare bevilgning til diverse investering i Muriparken. Beløpet må revurderast.

Dei største investeringane i 2010 har vore veg i Fjørå , asfaltering av kommunale vegar, oppstart Kilstivegen og fullføring av byggefelt på Nerhus. Det har også vore brukt midlar til førebuing av fjernvarmeanlegg. Kr 600.000 er overført til kyrkjeleg fellestråd til finansiering av varmeanlegg i Norddal kyrkje. Gjennomførte investeringar har i hovudsak vore lånefinansiert. Det er overført kr 289.000 til KLP som egenkapitalinnskot. Utover er det ikkje kjøp verdipapir. Vedtekne investeringar for kr 5,6 mill vart ikkje gjennomført i 2009 og vert overført til 2010.

Norrdal Eigedomsselskap KF gjennomførte i 2009 investeringar for om lag kr 25,5 mill. Stordelen av dette gjeld FDV bygg med miljøstasjon i Djupøyyna og Valldal skule. Investering er finansiert med låneopptak. Det er framleis vedtekne investeringar på om lag kr 22,5 mill som ikkje er gjennomført.

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 8 av 34

4.4 BALANSEREKNESKAPEN

Beløp i 1000 kroner

Eigedelar	Kommune		Konsern	
	2009	2008	2009	2008
Anleggsmidler	300 275	292 245	441 767	412 258
Omløpsmidlar	40 055	38 876	58 026	43 298
Sum eigedelar	340 330	331 121	499 793	455 556
Eigenkapital og gjeld				
Eigenkapital	56 518	62 287	108 973	111 941
Langsiktig gjeld	256 764	233 973	358 388	305 136
Kortsiktig gjeld	27 048	34 861	32 432	38 479
Sum eigenkapital og gjeld	340 330	331 121	499 793	455 556
Memoriakonto:				
Ubrukte lånemidler	5275	8 682	5275	8 682

Anleggsmidler har auke ved aktiverting av investeringar. Omløpsmidlar er auka gjennom auka innskot i bank, medan fordringar har gått ned. Norddal kommune si totale lånegjeld inkl konsern er i årskiftet kr 185,3 mill.

5. NØKKELTAL


5.1 NETTO DRIFTSRESULTAT

Indikatoren viser *netto driftsresultatet i % av driftsinntektene*. Sentrale myndigheiter legg til grunn resultatgraden i kommunane ikkje bør være under 3%.

	2005	2006	2007	2008	2009
Netto driftsresultat	1,20 %	1,20 %	2,80 %	1,70 %	1,90 %

Netto driftsresultat ligg under målet på 3 %. Negativ eller lågt netto driftsresultat svekkjer den økonomiske balansen. Gjennomsnittleg netto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal er 2,4 %, medan for heile landet Oslo er resultatet omlag 2,7 %


5.2 FORDELING AV MIDLAR TIL DRIFT



Framstilling viser fordeling av overførte midlar til drift siste 4 åra. Det er mindre variasjonar frå år til år, men i 2009 har næring fått ein større del enn dei siste åra.

5.4 GJELD PR INNBYGGAR

Dette er eit måltal som kan brukast for å samanlikne storleik på gjeld med andre kommunar. Det er nytta konserntal.



Som oversikt viser ligg Norddal kommune svært høgt i lånegjeld i høve til andre kommunar. Auken i 2009 har vore større enn tidlegare år. Dette vil auke finansutgiftene og som vil ha konsekvensar for drifta i komande år.

5.5 ARBEIDSKAPITAL

Arbeidskapital er forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld og fortel noko om likviditeten til kommunen. Livkvidetsgrad bør vere >2.

Beløp i 1000 kroner	2005	2006	2007	2008	2009
Omløpsmidlar	29 844	31 675	39 636	38 679	40 055
Kortsiktig gjeld	28 656	29 864	32 322	34 860	27 048
Arbeidskapital	1 188	1 811	7 314	3 819	13 007
Likviditetsgrad 2	1,04	1,06	1,23	1,11	1,48

Tabellen viser at Norddal kommune har ein forholdsvis svak likviditet sjølv om den har betra seg i 2009. Det er viktig at arbeidskapital og likviditet er under oppsikt slik at kommunen ikkje får vanskar med å gjere løpande utbetalingar

5.6 DISPOSISJONSFOND

Beløp i 1000 kroner	2005	2006	2007	2008	2009
Driftsinntekter	124 796	134 639	51 685	160 379	162 737
Disposisjonsfond	1 025	847	3 900	897	2269
Disposisjonsfond i % av inntekt	0,82	0,63	2,57	0,56	1,39

Det bør vere ei målsetting å bygge opp eit disposisjonsfond for å ha ein buffer for å dekke uventa utgifter eller svipt i inntekter. Det kan også vere for å finansiere framtidige investeringar.

Norrdal kommune har lite avsett på disposisjonsfond. Kr 800.000 av avsetting i 2009 gjeld vedteke, ikkje utbetalt tilskott til Nasjonal Turistveg i 2009.

5.7 SJUKEFRÅVER

Sjukefråveret kan gje uttrykk for belastningar som tilsette er utsett for i det daglege arbeid. I tillegg vil det også innanfor mange verksemdar verte behov for sjukevikarar

	2005	2006	2007	2008	2009
Samla sjukefråvær	7,70 %	9,30 %	9,90 %	6,30 %	8,40 %

Tabellen viser etter ei positiv utvikling av sjukefråveret i 2008 auka det igjen i 2009.

5.8 OPPSUMMERING

2009 var eit tilfredstillande økonomisk år i drifta av Norddal kommune. Økonomien gjer at kommunen kan ha eit desentralisert tenestetilbod og kvaliteten har gjennom ulike brukarundersøkingar vore jamt over målt til god. Det er imidlertid ein del store negative avvik mellom rekneskap og vedteke budsjett. Det vert difor litt "heldig" at det også er ein del større inntekter budsjettet. Dette gjer at driftsresultatet vert brukbart. Med dette som bakgrunn vert det særst viktig å få etablert betre rutiner for budsjettoppfølging, slik at det også vert større mulegheiter for justeringar både i budsjett og drift i løpet av året.

Varierende inntekter som konsesjonskraft og aksjeutbytte vert brukt i drifta. Når desse inntektene går ned har det direkte konsekvens for drifta. Det same gjeld variasjon i lånerentene. Det er heller ikkje oppbygde tilstrekkelege frie fond som kan brukast til å redusere slike svingingar. Dette gjer at økonomien til Norddal kommune er sårbar.

Teneste: Administrasjon

Eining/ansvarsområde: Rådmannskontor, stab

Mål for ansvarsområdet/ Kort skildringa av tenesta

Sentraladministrasjonen har ansvaret for den administrative leiinga av kommunen og for dei politiske styringsorgana som kommunestyret, formannskapet, driftsutvalet og arbeidsmiljøutvalet. Kommunekassa har ansvar for økonomisk planlegging herunder økonomiske analyser, rekneskap, løn, kommunale avgifter, fakturering, skatterekneskap, inn- og utlån. Forutan servicetorget er støttefunksjonane elles m.a. undervisning, IKT, næringsutvikling, sosiale tenester (NAV) og plantenester.

- Vi skal marknadsføre og utvikle Norddal kommune som ein god kommune å
- vekse opp i og ein god kommune å busetje seg.
- Vi skal arbeide aktivt for å utvikle heilskapstenking innan dei ulike ansvarsområda i den kommunale verksemda.
- Vi skal aktivt leggje til rette for politiske vedtak og gjennomføringa av desse.

Sentraladministrasjonen sine tenester skal generelt vere prega av høg fagleg kvalitet, høgt servicenivå og effektivitet. Funksjonane innan sentraladministrasjonen skal vere utviklingsorienterte service- og støttefunksjonar for folkevalde, rådmann og den øvrige kommuneorganisasjonen.

Publikum skal i størst mogleg grad få avgjort sakene sine ved å vende seg til eit felles servicetorg eller direkte til verksemdene.

Organiseringa av tenestene skal synleggjere ansvarstilhøva klårt både for publikum og internt i organisasjonen.

Det er sett klare mål for nivået også i 2009, og ei omfattande måling er gjennomført.

Nøkkeltal	Årsverk:	2004	2005	2006	2007	2008	2009
	Rådmannskontoret	2,75	2,75	3	3	3	3
	Servicetorg	6	6	6	6	6,5	6,5
	Stab	2	2	2	1	2	2
	Kommunekasse	2	2	2	2	2	2
	Rådhuset	0,74	0,74	0,74	0,74	0	0

Økonomiske resultat		2009	2009	Avvik %
	Sum ansvar: 1100 Kommunestyre og formansk.	1 680 139	1 534 800	8,7
	Sum ansvar: 1102 Støtte politiske parti	38 760		100,0
	Sum ansvar: 1103 Stortings- og kommuneval	75 396	100 000	-32,6
	Sum ansvar: 1104 Bygdeutval	981	1 800	-83,5
	Sum ansvar: 1105 Distriktsrevisjonen	316 367	340 000	-7,5
	Sum ansvar: 1107 Sunnm. kontrollutval sekretariat	89 156	40 000	55,1
	Sum ansvar: 1108 Kvinner i politikken	73 974		100,0
	Sum ansvar: 1121 Overformyndieret	18 640	9 300	50,1
	Sum ansvar: 1123 Eldrerådet	2 835	11 000	-288,0
	Sum ansvar: 1124 Ungdomsråd	18 777	15 000	20,1
	Sum ansvar: 1125 Råd for funksjonshemma	1 550	3 000	-93,5
	Sum ansvar: 1200 Rådmannskontoret	2 117 937	2 186 000	-3,2
	Sum ansvar: 1201 Kommunekassa	1 160 739	1 255 685	-8,2
	Sum ansvar: 1202 Servicetorget	1 420 892	1 467 300	-3,3
	Sum ansvar: 1204 Datadrift	1 332 363	1 364 500	-2,4
	Sum ansvar: 1205 Breiband	419 301	400 000	4,6
	Sum ansvar: 1210 Driftsavtalar og lisensar IT	415 600	300 000	27,8
	Sum ansvar: 1220 Interkomm. samarbeid pleie/omsorg Profil	1 570		100,0
	Sum ansvar: 1300 Beredskap	-14 333	20 000	239,5
	Sum ansvar: 1900 Fellesutgifter	1 848 752	1 785 500	3,4
	Sum ansvar: 1901 Forsikringar	198 751		100,0
	Sum ansvar: 1902 Administrasjonsbygg	1 440 153	1 381 200	4,1
	T O T A L T	12 658 300	12 215 085	3,5

Administrative eller faglege resultat

I løpet av 2009 er ma desse tiltak/prosjekt igangsett under leiing av sentraladministrasjonen med støtte frå stab. Nokre av desse er avslutta og andre vert vidareført i år 2010.

I tillegg kjem daglege/fortløpande drifts- og sakshandsamingsoppgåver for dei politiske utvala.

- Gjennomgang og tilpassing organisering
- Leiarutvikling

- Oppfølgingsarbeid Muriparken
- Kommuneplan (areal)
- Gjennomgang div. regelverk
- Medarbeidarsamtalar
- Reglement og rutiner
- Stillingshemlar og tilsettingstilhøve skule-barnehage
- Kompetanseutvikling, status og gjennomgang
- Hovedrapport innbyggjarundersøking
- Årsbudsjett - økonomiplan
- Lokale leiingsstrukturar/system
- Sluttføring komplett styringsystem
- Framhaldande krav til profesjonalisering
- Effektivitetsnettverka
- Tenestekvalitet, kontrollar
- Prosjektleiing komm del Muripark
- Tenesteanalyser heile kommunen

Særskilde utfordringar i tida som kjem

- Sjølv om Norddal kommune har vore gjennom ein administrativ (og politisk) omorganiseringsprosess, er det naudsynt at vi heile tida ser med kritiske auge på organisasjonen vår, med sikte på å optimalisere tenestetilbodet. Vi må satse på utvikling av leiarane våre, m.a. ved å leggje vekt på samhandlingsarenaer der ein kan utvikle vi-kultur og skape grunnlag for heilskapstenking og – løysingar. Det er behov for ei avslutning av gjennomgangen av arbeidsoppgåver og ansvarstilhøve så vel *innan* sentraladministrasjonen (rådmannsleiinga og stab/støtte-funksjonar) som i tilhøvet *mellom* sentraladministrasjonen og dei "ytre" verksemdene. Målsettinga er ei betre arbeidsdeling og klargjering og konkretisering av arbeidsoppgåver og ansvar. Kommunen har også små einingar, og i 2009 har det på nytt kome til synes kor sårbart dette kan vere. Utan nødvendige strukturar og leiing, fører dette til samanfall og rådmannsfunksjonen misser med det høvet til å halde fokus på langsiktig tenking.
- Vi må vere godt nok budd på dei ulike problemstillingar som kjem. I samband med tenesteytinga, må arbeidsgjevarfunksjonane i kommunen kome tydeleg fram. Norddal kommune som organisasjon har monalege ressursar, ikkje minst gjeld det eit godt kvalifisert personale med høg motivasjon for å yte best mogleg tenester til innbyggjarane. Sjølv om det kan synast som behova ofte er langt større enn dei kommunale ressursane kan støtte, er det ingen tvil om at det totale tenestetilbodet og den kommunale infrastrukturen har god standard. Dei statlege overføringane har vorte redusert som følgje av minkande folketal, men dette er langt på veg kompensert gjennom auka eigeninntekter. Imidlertid veks behovet for eit auka medvit i samband med løyvingar, og bruken av løyvingane.
- Det beste utgangspunktet for nødvendige endringar i kommuneorganisasjonen, er å bygge forståinga av omgrepet service i alle plan og hos tilsette i kommunen. Det er her særskilt viktig å bygge evna til å sjå utover. I dette ligg at kommunen sett tenestene i fokus, noko som medfører at rammevilkåra for ulik yrkesutøving/yrkesroller endrar seg. I om at brukarfokuset blir auka. Vidare er det ei stor utfordring å sjå koplinga mellom arbeidsmiljø og kvalitet. Sentralt her vil vere å auke produktivitet kombinert med kvalitetsretting, noko som krev samordning. Det nye styringssystemet legg opp til dette. Folketalutviklinga i Norddal kommune har dei seinare åra vore litt positiv. Likevel syner statistikk og økonomiske oversiktar at vår kommune har eit omfang på dei kommunale tenestene som ligg over dei kommunane det er naturleg å samanlikne seg med. Tida er no mogen for å sjå etter om ressursane blir nytta på beste måte. I dette ligg også å søkje interkommunale løysingar, det siste er eit samarbeid med Stordal om tekniske tenester. Det er også inngått avtale om interkommunal renovasjon.
- Auka krav til effektivitet og produktivitet vil krevje evne til nytenking og omstilling i den kommunale organisasjonen, og vi vil i større grad møte forventningar om tverrfaglege heilskapsløysingar i tenesteproduksjonen. Krava og utfordringane til kommunen som aktiv samfunnsutviklar vil truleg auke, og kommunen vil i endå større grad vere medaktør i tiltak for å skape attraktive arbeidsplassar.
- Kartlegging av kompetanse er ikkje fullført. Arbeid med plan for kompetanseutvikling må få prioritet i 2010. I mange høve er utdanningstiltak sett i gang utan at det er sett i samanheng med heilskap og behov. Siste åra har vi opplevd at det stadig blir vanskelegare å rekruttere fagfolk til mange av dei utlyste stillingane. Ein god rekrutteringsplan bør utarbeidast. Fokus må rettast både på tiltak til eksterne søkjarar og til intern kompetanseheving.
- Det er etablert eit godt samarbeid med NAV gjennom avtalen om Inkluderande arbeidsliv, men i mange høve er dette eit arbeid som går over lang tid med den einskilde arbeidsuføre. Arbeid med å redusere sjukefråveret må ha sterkt fokus også i 2010.
- Budsjettkontroll og plikten til å halde seg innanfor dei vedtekne budsjetta må skjerpast inn. I samband med Iplos får ein no nye og enda betre kunnskapar om driftsføresetnader i kommunen.

**Teneste: Administrasjon
Eining/ansvarsområde: Servicetorget 2009**

-
- Mål for ansvarsområdet/
kort skildringa av tenesta**
- Skal vere bindeledd mellom publikum og det offentlege; yte gode tenester eksternt.
 - Bidra til god samordning og syte for gode og effektive interne tenester.
 - Yter tenester for Skatt Midt-Norge etter avtale.
 - Yter tenester for Norddal Eigedomsselskap KF etter avtale.
-

- Nøkkeltal**
- 6 årsverk fordelt på 7 tilsette.
 - Ekstra ressursar (20% st) har vore innvilga mellombels gjennom året, grunna stor arbeidsmengd.
-

Økonomiske resultat

	Rekneskap -09	Budsjett -09	Avvik
Sum utgifter	2 725 845	2 784 300	-2,10
Fordelte felleskostnader	-1 049 967	-1 275 000	
Sum inntekter	-1 304 953	-1 317 000	
Sum ansvar: 1202 servicetorget	1 420 892	1 467 300	-3,16

Fordelte felleskostnader er lønsutgifter som er overført frå verksemdar/avdelingar til servicetorget. I tillegg har servicetorget inntekter frå sal av tenester til Norddal Eigedomsselskap KF og Skatt Midt-Norge, etter avtale.

Administrative eller faglege resultat

- Stortingsval, forarbeid – gjennomføring – etterarbeid
 - Innføring av innsynsmodulen i Web-sak
 - Fullelektronisk utlegging på heimesida av saker til politiske utval
 - Politkar-PCar til formannskapet, fullelektronisk møtebehandling.
 - Arbeid i ulike brukarnettverk som eit ledd i kompetanseutvikling
 - Avlevering av personregistermateriale
 - Omfattande ordning av eldre landbruksarkiv
 - Informasjonsforum – relaterte oppgåver for felles utvikling og samordning av informasjon, heimeside, annonsering, internkontroll m.m.
 - Kommunale avgifter; omlegging og vedlikehald
 - Fakturering-rekneskap; ajourhald og kontinuitet
 - Oppgåveløysing knytt til dei ulike fagområda, endringar
 - Rutiner; ajourhald og utvikling
 - Opplæring av nytilsette
 - Bistand med ressursar til andre avdelingar
-

Særskilde utfordringar i tida som kjem

- Mangfaldet av arbeidsoppgåver:
 - ivareta og utvikle gode rutiner, tenester og informasjonsoppgåver
 - tilpassing, endringar og læring
 - Vakansar i stillingar skaper større press på servicetorgtilsette
 - Heilskapstenking generelt; ST gir bidrag, men må også kunne krevje bidrag
 - Samansette arbeidsoppgåver krev fagleg og generell kunnskap vertikalt og horisontalt
 - Matrikkelføring
 - Avklaring i høve NAV sine tenester
 - Betre informasjonsflyt - tilgang på ressursar og arbeidsflyt
 - Vere i FLYT-sona
 - Statusen for servicetorgtilsette
-

Teneste: Skulefritidsordning (SFO) - 2009

Eining/ansvarsområde: Valldal skule, Dalsbygda skule og barnehage, Eidsdal skule.

Mål for ansvarsområdet/

SFO-tilbodet skal:

- Vere eit godt fritid- og tilsynstilbod for elevar i 1. – 4. kl. før og etter skuletid og elles når barna har fri frå skulen på dagtid.
- Sikre borna sitt behov for trygg omsorg og tilsyn.
- Medverke til at borna får eit godt og heilskapeleg tilbod som gir læring og utvikling.
- Gi borna ei oppleving av tryggleik, nærleik og respekt i eit miljø prega av leik og fysisk aktivitet.

Kort skildringa av tenesta

Valldal skule har eit tilbod alle vekedagar før og etter skuletid. Vi har og ope kvar tysdag og annankvar torsdag heile dagen. Tilbodet opnar kl 0720 og stengjer kl 1620. Valldal har eit samarbeid med Syltebøen barnehage når det gjeld tilbod i skuleferiane og i sommarferien. I Dalsbygda er opningstida 0715 – 1615. Eidsdal har hatt eit SFO tilbod måndag, onsdag og fredag i tida 1405 - 1630.

Nøkkeltal

	Brukarar 08	Brukarar 09	Årsverk 08	Årsverk 09
Dalsbygda	13	9	0,40	0,40
Eidsdal **	8	8	-	0,2 / -
Valldal	32	32	1,8/1,5	1,5/1,4

Økonomiske resultat

Netto budsjettal

	Budsjett 09	Rekneskap 09	Avvik i %
Dalsbygda	115 600	118 194	2
Eidsdal **	66 000	31 228	
Valldal	432 500	341 218	- 21

Administrative eller faglege resultat

SFO-tilbodet ved Dalsbygda skule og barnehage er heilt eller delvis integrert med barnehagen. Foreldra vel sjølv fritt dagar, tidspunkt og samla timetal. Dei kan og velje om tilbodet skal følgje skuleåret eller barnehageåret. Dalsbygda skule har eige SFO-rom.

** Tilbodet våren 2009 vart gitt etter skuletid fire dagar i veka. Lokala som vert nytta er dei same som vert brukt til småskuletrinnet ved skulen. Det har ikkje vore SFO ved Eidsdal skule hausten 2009.

Ved Valldal skule er tenesta fysisk plassert saman med småskuletrinnet. Romma som vert brukte er godt tenelege til føremålet og er felles med det som blir nytta til undervisning. Det same gjeld utstyret. Leikene er i god stand og det utvendige leikearealet er godt tilpassa aldersgruppa. Alle foreldre har fått det tilbodet dei har søkte om med unntak av torsdagar der ønska var meir omfattande enn det vi kunne gi tilbod om. I 2009 har lønnsutgiftene vore budsjettert noko høgt. Dette saman med at all lønn til lærling er ført på budsjettet for grunnskule gjer av avvika i prosent vert noko høgt.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Timetalet på småskuletrinnet er auka. Trongen for heile dagar med SFO er difor redusert. Dette medfører ein redusert trong for personale. Truleg vil denne utviklinga halde fram sidan det frå sentralt hald kjem signal om at ein ønskjer å innføre ein eller annan form for "heil dags skule". Vi reknar då med at det blir trong for det same personalet i det ordinære skuletilbodet.

Erfaringane ved Valldal skule er at stadig fleire ønskjer eit heilårstilbod. Sidan det nokre veker viser seg å vere få born som nyttar seg av tilbodet i ferien, vil vi halde fram samarbeidet med Syltebøen barnehage. Dette for å gi dei som har trong for det eit fullgodt tilbod når det er få barn til stades.

Teneste: Grunnskule

Eining/ansvarsområde: Dalsbygda skule og barnehage, Eidsdal skule, Valldal skule.

Mål for ansvarsområdet/ Drift av grunnskulane er regulert gjennom **Lov om grunnskulen** med forskrifter og **Læreplan for grunnskulen**.

Kort skildringa av tenesta **Lov om grunnskulen seier:**

§ 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Endra med lover 17 sep 1999 nr. 74 (i kraft 17 sep 1999, etter res. 17 sep 1999 nr. 1011), 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), 4 juli 2003 nr. 84 (i kraft 1 okt 2003), 19 des 2008 nr. 118 (i kraft 1 jan 2009, etter res. 19 des 2008 nr. 1424).

Læreplan for grunnskulen omfattar:

Generell del. Læringsplakaten. Fag og timebyteplan. Fagplanar med formål, innhald, grunnleggjande ferdigheiter, kompetansemål og vurdering.

Grunnskuleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført det tiande skuleåret.

Nøkkeltal		Elevtal 08	Elevtal 09	Årsverk 08	Årsverk 09
	Dalsbygda skule	20	18	3,62	3,62
	Eidsdal skule	59	65	11,25	10,70
	Valldal skule	184	184	22,85	22,1

Økonomiske resultat		Rekneskap 09	Budsjett 09	Avvik i kr	Avvik i %
	Dalsbygda skule	2 991 078	2 932 600	58 478	2
	Eidsdal skule	8 080 699	8 006 500	82 199	1
	Valldal skule	15 877 596	15 728 900	148 696	1

Skulane har god budsjettstyring.

Administrative eller faglege resultat

Alle skulane:

- Det er satsa på å ha eit godt styringsreiskap gjennom ulike planar som verksemdsplanar, halvårsplanar, vekeplanar.
- IKT blir brukt aktivt av tilsette og elevar for å effektivisere arbeidet og betre kvaliteten, og det er starta opp med elektronisk læringsplattform på alle skulane. Innføring av Feide er i gang.
- Det er gjennomført kvalitetsundersøkingar der resultatet har vore betre enn året før, og det var godt resultat på skriftleg og munnleg eksamen for avgangselevane.
- Ekstenvurdering av skulane gjennom Nordre Sunnmøre kompetanseregion stoppa opp i 2009. Hovudårsaka til dette ligg i omlegging av statlege midlane til til skuleutvikling og kompetanseutvikling. Nordre Sunnmøre kompetanseregion er likevel vidareført som eit samordnings- og kontaktorgan mellom kommunane både for skule og barnehage. Prosjektstilling som pedagogisk koordinator i tidsrommet

01.09. 10 – 31.08.11 er i mars 2010. Stillinga kan bli forlenga dersom vidare finansiering blir sikra.

Spesielt for Dalsbygda:

- Har satsa på ulike område som leseprosjekt, dans/drama, natur/nærmiljø/friluftsliv. Presentasjon av nokre prosjekt for foreldre.
- Bruk av lokale informantar i samband med historieprosjekt knytt til seterdrift m.m. på Rellingsetra og i Herdalen.
- Auka fokus på begynnarpplæring, særleg lesing.
- Arbeid med å utvikle betre arbeidsplanar/vekeplanar.
- Felles frukost/lunch.
- Prioritert kursing/etterutdanning av personalet.
- Verdsarv. Samarbeid mellom skulen, Stiftinga Paktarstova og lokale proff. kunstnarar.
- Er frå august ein del av eininga Eidsdal Dalsbygda skule og barnehage

Spesielt for Eidsdal:

- Satsar på styrking av skrive- og leseopplæringa.
- Satsar på eit prosjekt med sjølvtiltidsbygging, bl.a. med revy for ungdomssteget.
- Har fortsett arbeidet med prosjektet "Skulen ut til folket – folket inn i skulen".
- Planarbeid for samarbeidsorgana har vore prioritert.
- Er frå august ein del av eininga Eidsdal Dalsbygda skule og barnehage

Spesielt for Valldal:

- Ein lærar deltar i korps for ekstern vurdering og koordinering/ tilrettelegging av tiltak innan Nordre Sunnmøre kompetanseregion (NSKR).
- Skulen vart hausten 2007 med i eit prosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet for å prøve ut kjenneteikn på kompetansemåla i Kunnskapsløftet. Prosjektet vert avslutta våren 2009. I 2008 mottok skulen 80 000 kr til prosjektet, og det har gjeve fridom til å organisere arbeidet meir effektivt.
- Renovering av klasseromma på u-trinnet og forming- og personalavdeling har fått spesiell merksemd. Det har vore eit godt og konstruktivt samarbeid med det kommunale foretaket og ulike firma som er med i å utforme forprosjektet. Løysingane er framtidretta og vil tene skulen i mange år framover.
- 2 lærarar har teke vidareutdanning i matematikk. 2 lærarar tek etterutdanning i naturfag.
- Har også i år gjennomført kabaret i ungdomsskulen. Utviklande både for miljøet og personleg for elevane.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Alle skulane:

- Vidare arbeid med lokale fagplanar og nye vurderingsformer i samband med Kunnskapsløftet.
- Då mange nærmar seg pensjonsalder, vil rekruttering av nye lærarar med omsyn til fagkombinasjonar og kjønnsbalanse vere viktig.
- Å halde oppe motivasjonen i personalet og leggje til rette for kompetanseutvikling gjennom etter- og vidareutdanning som dyktiggjer lærarane til å undervise etter Kunnskapsløftet. Vi treng lærarar innan realfag, språkfag og ikkje minst spesialpedagogikk. Det er difor viktig å utnytte finansieringsordningane der staten og kommunane må yte ein andel på 40%.
- Utarbeide eit kvalitetssikringssystem.
- Halde fram med å gjennomføre plan for samarbeid mellom skulane i kommunen.
- Innkjøp av nye læremiddel og lærebøker som er tilpassa dei nye planane.

Spesielt for Dalsbygda:

- Behalde/rekruttere personale som har kvalifikasjonar/røynsle for fådelt skule.
- Nye leikeapparat på skuleplassen.
- Gode pedagogiske og sosiale tilbod for alle barn i bygda.
- Skulen skal vere ein stad der alle tek vare på kvarandre.
- Utvendig bygningsmessig vedlikehald.
- Utfordringar generelt i høve til minkande elevtal

Spesielt for Valldal:

- Gjennomføre utbyggjinga som står føre vil gjere skulen attraktiv og meir interessant for nye arbeidstakarar. Men det er vanskeleg å finne bustadar i kommunesenteret, så gode løysingar på dette må prioriterast.
- Vidareutvikle samarbeidet med føresette og nytte resultatane frå elev- og brukarundersøkingar til å utvikle ein betre skule.

Spesielt for Eidsdal:

- Inventar og utstyr begynner å bli elda, må skiftast ut framover.
- Behalde og rekruttere personale med ønska kvalifikasjonar, spesielt for ungdomssteget.
- Vedlikehald av skulen utvendig.
- Halde vedlike samarbeidet med dei føresette.
- Utnytting av breiband gjennom fiberkabel.

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 16 av 34

Teneste: Vaksenopplæring - 2009 Eining/ansvarsområde: Valldal skule

Mål for ansvarsområdet/ Dette er ei teneste som skal gi tilbod om opplæring til innbyggjarane innan fleire område. I 2009 omfatta dette følgjande:

Kort skildringa av tenesta

- Opplæring i norsk og samfunnsfag for innvandrarakar.
- Vedlikehaldsundervisning for vaksne utviklingshemma.

Det er ei målsetting at denne tenesta skal:

- Gjere det lettare for innvandrarakar å verte integrert i lokalsamfunnet.
- Gi utviklingshemma ein meir meiningsfull kvardag.

Det er Valldal skule som er tillagt ansvaret for å gi tenester på dette området.

Nøkkeltal Årsverk i dette tenesteområdet:

Stilling	2008	2009
Lærarakar	0,8/0,4	0,4/0,2
Assistentar	0	0
Sum årsverk	0,8/0,4	0,4/0,2

Økonomiske resultat Budsjett og rekneskap

	Budsjett	Rekneskap	Avvik i %
Utgifter	392 800	318 005	
Inntekter	-26 300	- 210 826	
Netto utg.	366 500	107 179	71

Det vert kjøpt tenester av Stranda kommune for om lag 165 000 kr til vaksne funksjonshemma og til norskopplæring for innvandrarakar. Dette er ikkje inkludert i tabellen som viser årsverk, men er medteke i tabelloppsettet over utgifter/inntekter. Avviket i netto utgifter kjem i hovudsak av at vi har motteke statlige midlar i 2009 for undervisning som vart lagt ned hausten 08. Dette vil bli kravd tilbakebetalt i 2010.

Administrative eller faglege resultat

Undervisninga av vaksne innvandrarakar har fram t.o.m. våren 2008 vore fordelt på 3 økter på ulike vekedagar og vore lokalisert til Valldal skule (to på kveld og ei på dagtid). Deltakinga i sesse kursa har vore så lav, at det for skuleåret 2008-09 vart inngått avtale med Stranda kommune om kjøp av undervisningstenester for denne gruppa av elevar. Ein person har hausten 09 hatt rett til slik opplæring.

Vaksne utviklingshemma får opplæring med sikte på å vedlikehalde dugleik innan lesing, skriving og talforståing i tillegg til opplæring i praktiske gjeremål i den grad det er teneleg for den einskilde. Trongen for slik opplæring bør gå fram av individuelle planar for dei som tilhøyrrer denne gruppa. Over fleire år har deler av denne undervisninga vorte gjort i eit fellesskap med elevar frå Stranda kommune og kombinert med arbeid på verna bedrift (ASVO).

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Refusjon i for undervisning av innvandrarakar og flyktningar som kjem etter 1. sept. 05. vert gitt med eit fast beløp pr. person og ikkje som no etter talet på grupper. For ei kommune med få flyktningar/ innvandrarakar vert difor finansiering av lokale kurs ei økonomisk utfordring. Samarbeid med nærliggande kommunar kan vere med på å oppretthalde eit tilbod i regionen når det gjeld denne elevgruppa.

Vidare blir det i større grad nødvendig å ha individuelle planar som seier meir om trongen for opplæring i høve til den einskilde vaksne utviklingshemma. Opplæringa må også veksle mellom individuell opplæring/retteleing tilpassa den einskilde sine behov, og opplæring i grupper med tanke på den einskilde sin trong for eit fellesskap. Skal vi få til dette, er det naturleg å samarbeide med andre kommunar om eit felles tilbod.

Teneste: Barnehage

Eining/ansvarsområde: Syltebøen barnehage, Eidsdal barnehage, Dalsbygda skule og barnehage.

Mål for ansvarsområdet/Kort skildringa av tenesta Sentralt for barnehagane er **Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar**. I lov om barnehagar står det m.a.:
Barnehagen skal gje born under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetmuligheiter i nær forståing og samarbeid med heimen.
Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd.
Barnehagen skal hjelpe heimane med omsorgs- og oppdragaroppgåver, og på den måten skape eit godt grunnlag for borna si utvikling, livslange læring og aktive deltaking i eit demokratisk samfunn.
Barnehagen skal gje born grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle område.
Barnehagen skal formidle verdiar og kultur.
Departementet fastset ein rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gje retningslinjer for innhaldet og oppgåvene til barnehagen. Rammeplanen kan ha lokale tilpasningar.

Nøkkeltal	Årsverk	Barnetal 08	Barnetal 09	Årsverk 08	Årsverk 09
	Syltebøen barnehage	62	63	10,55	11,20
	Eidsdal barnehage	16	19	3,20	3,40
	Dalsbygda barnehage	9	6	2,39	2,26

Økonomiske resultat	Rekneskap 09	Budsjett 09	Avvik i kr	Avvik i %	
	Syltebøen barnehage	1.207.066	865.700	341.366	40
	Eidsdal barnehage	549 383	581 600	-32 217	-5
	Dalsbygda barnehage	632 320	789 500	-157 180	-20

Merknad:

Barnehagane har god budsjettstyring og ressursutnytting. Truleg er dette kommunen si mest effektive teneste. Det store avviket for Syltebøen barnehage skuldast i hovudsak oppstart av avdeling Fjørå frå 01.08.09. Auka statstilskott som følgje av dette, ca: 300 000 kr, kom ikkje med i 2009. Det er forventa at dette kjem inn i 2010.

Administrative eller faglege resultat

Alle barnehagane:

- Innføring av ny barnehagelov og ny rammeplan, planlegging av utviklingsprosjekt.
- Vedteke kommunal kompetanseplan. Høg satsing på kompetanseheving for ped.leiarane.
- Systematisk jobbing med kvalitetsutvikling og kvalitetssikring.
- Brukarundersøkingar og evalueringsskjema.
- Kontrollert økonomistyring.
- Delteke på barnehagekonferansen og i nettverkssamlingar interkommunalt.
- Formalisert samarbeid verksemdene imellom.
- Samarbeid med kulturskulen om musikkleik.

Spesielt for Syltebøen:

- Vi arbeider vidare med STEG FOR STEG (sosial kompetanse).
- Samarbeid med Valldal skule.
- Adventsfest.
- Utfordringar i høve vikarbehov.
- Solid og stabil personalgruppe med høg kompetanse.
- Flott markering av barnehagedagen.
- Besøksdagar vår og haust.
- Sommaropen barnehage.

Spesielt for Eidsdal:

- Samarbeid med Dalsbygda barnehage og kyrkjekontoret med påsketreff.
- Uteområdet har fått eit løft, men ikkje alt er heilt på plass.
- Har arbeida rundt temaet sosial kompetanse
- Godt engasjement og flott oppmøte på ulike tilstelningar i barnehagen
- Har arbeida bevisst med dokumentasjon i barnehagen
- Ny leiarstruktur frå august 2009
- Barnehagen stengt 2 veker i sommar
- Sammarbeid/ besøksdagar i lag med Eidsdal skule

Spesielt for Dalsbygda:

- Skuleelevane kjem til barnehagen og les for dei.
- Skuleførebuande opplegg for 5/6-åringane.
- Prioritert kursing av personalet.
- Samarbeid med kyrkjekontoret og Eidsdal barnehage om hausttakkefest.
- Samarbeid med skulen om ymse arrangement/aktivitetar, m.a. Forut.
- Ymse arrangement der foreldre/besteforeldre er inviterte.
- Arbeidt mykje med språkstimulering, språkutvikling og dokumentasjon.

- Særskilde utfordringar i tida som kjem**
- Alle barnehagane:**
- Tilpassing til ny barnehagelov og ny rammeplan. Utarbeiding av lokale planar.
 - Høgt fokus på arbeidsmiljø, særleg gjennom utviklingsarbeid og arbeid med struktur og rutiner.
 - Satsing på kompetanseheving og kvalitet.
 - Meir formalisert kontakt mellom barnehagane i kommunen.
 - Etablering av pedagogisk leiar forum, felles for heile kommunen
- Spesielt for Syltebøen:
- Fokuserer på tiltak for å halde sjukefråværet nede.
 - Få til ei tilfredsstillande ferieavvikling.
 - Betre dei tilsette si stoltheit over eigen arbeidsplass.
 - Oppruste uteområdet, spesielt for småbarnsavdelinga.
 - Fornying av inventar.
 - 20-årsjubileum 19. mai 2010.
 - Samarbeide med Eidsdal og eventuelt Dalsbygda barnehage om sommaropning.
 - Ha nok kapasitet til å dekke behovet for barnehageplassar.
- Spesielt for Eidsdal:
- Oppretthalde søkermasse og rekruttering.
 - Tilsette førskulelærar i den ledige ped leiar stillinga
 - Arbeide for eit tettare samarbeid med Dalsbygda barnehage
 - Auka fokus på dokumentasjon og medvirknad
 - Godkjenning av uteleikeplass
- Spesielt for Dalsbygda
- Opparbeiding/fornyning av uteområdet
 - Auke brukstida (større opphaldsprosent).
 - Satsing på kompetanseheving og kvalitet.
 - Utfordringar i høve til nedgang i barnetal.
-
-

Teneste: Kultur

Eining/ansvarsområde: Kulturskule, bibliotek, kultur, God Helse, barn og unge, Kraftsenteret, beredskap

Mål for ansvarsområdet/ Kort skildringa av tenesta

Bibliotek

Overordna målsetjing:

"Folkebiblioteket skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Virksomheten skal være utadrettet, og tilbudene skal gjøres kjent. Folkebiblioteket er ledd i et nasjonalt biblioteksystem."

Kultur

§ 4 i Kulturlova seier: *"Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerende og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt"*.

Kultur er limet som held samfunnet saman og som skapar meining og innhald gjennom identitets-, haldningsskapande og førebyggjande aktivitetar. Vi vil at kulturarbeidet i Norddal kommune skal bidra til å styrke kunnskap og identitet, auke trivselen og bidra til nyskaping, for med det å medvirke til at vårt lokalsamfunn blir ein attraktiv stad å bu i, etablere seg i og feriere i for alle grupper i befolkninga.

Kulturskulen

I tillegg til eit lokalt ønskje om gode tilbud til barn og unge i Norddal, er det sentrale føringar i kva kulturskulen skal innehalde. Her kan nemnast: Lovfesting av musikk- og kulturskulen, Lov om grunnskulen – ny opplæringslov, Ny § 42 c vedteken i Stortinget 05.06.1997 – iverksett frå 1. juli 1998

"Alle kommuner skal alene eller i samarbeid med andre kommuner ha et musikk- og kulturskoletilbud til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet ellers."

Barn og unge

Vi ønskjer at barn og unge skal trivast i Norddal kommune. Dei skal gjennom oppveksten kjenne meining og trivsel og at det er bruk for dei. Barne- og ungdomsåra skal gi dei ein god bakgrunn for å gå vidare i livet. Dei skal vere aktive og engasjerte og erfare at dei har påverknad på livssituasjonen sin.

God Helse

God Helse er Møre og Romsdal fylke sitt langsiktige arbeid for å gi folk i fylket eit godt liv. Målet er at flest mogleg meistarar sin eigen livssituasjon.

Gjennom eit positivt, langsiktig og heilskapleg førebyggingsarbeid skal vi skape gode lokalsamfunn og god livskvalitet for menneska som er busett i kommunen.

Kraftsenteret/Frivilligsentralen

Vi skal vere ein møteplass der menneske kan finne glede og utfordringar gjennom aktivitetar og tiltak som er meningsfylte. I samarbeid med lokale lag, nærmiljø, det offentlege og brukarane skal vi leggje til rette for deltaking og meistring. Vi skal arbeide for samarbeid og økt aktivitet.

Nøkkeltal	Årsverk	Årsverk	Årsverk	Årsverk
	2006	2007	2008	2009
Norrdal bibliotek	1,62	1,62	1,62	1,62
Kultur	0,50/1,0	0,50/1,0	2*	2*
Norrdal kulturskule	3,3	3,3	3,9	3,9
Kraftsenteret	1,0	1,0	1,0	1,0

* Under kultur er også medteken 50 % stilling som folkehelsekoordinator, og 50 % stilling som miljøarbeidar barn og unge

Budsjett 2009: 7 250 300 kr Rekneskap 2009: 7 078 586 kr (inkl. tilskot kyrkja og trussamf.)

Økonomiske resultat	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto Kultur	2 316 963	2 508 300	- 191 337	-93
Netto Norrdal bibliotek	1 140 707	1 199 100	- 58 393	-95
Netto Norrdal kulturskule	1 612 943	1 503 700	109 243	107
Kraftsenteret*	444 143	495 200	-51 057	-90
Kyrkja, tilskot trussamfunn	1 563 560	1 544 000	19 560	101

* Kraftsenteret og Frivilligsentralen

Administrative eller faglege resultat

Biblioteket

- Tafjord filial har hatt ein liten nedgang i utlån for 2009, men viser seg å vere den møteplassen vi håpa på.
- Hovudbiblioteket og Eidsdal filial har hatt ein liten nedgang i utlån, men Norrdal filial har hatt ein auke i utlånet, etter nedgangen i 2008.
- Bibliotekbruken er ganske stabil ved alle avdelingane.
- Har hatt eit høgt langtidssjukefråvær i 2009.
- Stort kasseringsarbeid i samlingane er utført, og skal vidareførast i 2010.

Kultur

- Har vore redusert kapasitet i inneverande år p.g.a. permisjon.
- Tungt involvert i beredskapsarbeid.
- Arbeidd opp mot kulturminneåret, t.d. fått på plass kulturminneløyper i alle bygdene.
- Fått opp informasjonsskilt i fire bygdelag, samt to skilt knytt opp mot Heilag-Olav
- 75-års markering av Tafjordulykka.
- Tilbod til lag og foreningar om å nytte tilskotsportal, samt registrere eigne arrangement på nettet.

Kulturskulen

- Elevplassane/elevtalet har auka til 225, det var ca 180 hausten 08.
- Aktivt med i kabareten på Valldal skule.
- Konsertar på Muritunet, eldresenteret og skulane i Valldal og Eidsdal.
- Sel dirigenttenester til korps og kor samt aspirantopplæring.
- Medverkande på div. tilstellingar til lag og organisasjonar på forespørsel.
- Stor interesse for dansetilbodet
- God rekruttering til skulekorpsa
- Konsertar på institusjonane ein gong i månaden
- Er med i utviklingsprosjektet Kulturskulefokus 3 i regi av Norsk Kulturskoleråd
- Arbeider med framtidfortelling/utviklingsplan for kulturskulen

Barn og unge

- Ungdomsrådet har møte jamleg
- Ungdomsrådet deltok på ruskonferanse i Geiranger, møte med Ungdomspanelet på Stranda og på Ungdommens Fylkesting i Ulsteinvik
- Ungdomsrådet representerte MRfylke i planlegging av ungdomsutveksling i regi av Vestlandsrådet
- *Ung fredag* er etablert som møteplass for unge frå heile kommunen. *Ung fredag* i alle bygder i 2009. Ung fredag for 5.-7 klasse to gongar i året.
- UKM gjennomført 15. februar
- *Ung helg* gjennomført 11.-12. september
- Medspelar for ungdomsklubbane; Sylte ungdomsklubb har vaksenleiar og faste klubbkveldar ein gong i

veka. Samarbeid mellom føresette og Røde Kors om junior- og ungdomsklubb i Eidsdal om lag ein gong i månaden.

- Ungdom frå Norddal deltok på *Aksjonsveka mot narkotika* på Stranda
- Kriminalitetsførebyggjing gjennom SLT
- Barnerepresentant

God Helse

- *Vekas tur* og kulturvandringar med omtale i God Helse-spalte i Storfjordnytt
- Turkart utgitt juli
- Trilleturar/førelidrettreff i samarbeid med Frivilligsentralen og helsestasjonen
- Uteområdet ved Valldal skule, søknad om spelemidlar
- *Aktiv på dagtid*, midlertidig nedlagt frå september pga få brukarar
- Aktivitetsdag for personar med nedsett funksjonsevne, august
- Medlem ressursgruppe ernæring MRfylke

Kraftsenteret/ Frivilligsentralen

- Gjennomfører arbeidsgruppe i samarbeid med psykiatrisk koordinator
- Utarbeidd aktivitetsplan
- Teke aktivt del i Kulturminneåret
- Utarbeidd kulturkalender for eldre
- Hjelper mange lag med oppretting av aktivitet
- Gjennomført fleire faste arrangement, og oppretta nye tilbod.
- Inngått samarbeid om vaksenopplæring
- Gjer tilbod til fleire menneske som treng særskilt tilrettelegging.
- Arbeid med oppretting av tiltaksplassar
- Tilrettelegging for utlån av lokala
- Arbeid med frivilligsentralen

* Fullstendig årsmelding for Frivilligsentralen ligg på www.norrdal.kommune.no under frivilligsentral.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Bibliotek

- Nye midlertidige lokale for hovudbiblioteket.
- Opprydding i samlingane ved alle avdelingane.

Kultur

- Revidere Delplan idrett og fysisk aktivitet.
- Arbeide vidare opp mot kulturminnevern.
- Få på plass fleire skilt.
- Tettare samarbeid med næring.

Kulturskulen

- Arbeider for å legge til rette for opplæring i dans for førskuleborn.
- Arbeider for å legge til rette for musikkteater
- Arbeider for å opprette tilbod til elevar med behov for tilrettelagt undervisning.
- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid spesielt med tanke på rekruttering av lærarar
- Arbeider for å få bildefaget på føtene igjen.

Barn og unge

- Følgje opp tiltak i Byggjande plan
- Arbeide for eit aktivt og engasjert ungdomsråd m.a. gjennom betre samarbeid med skulane og andre ungdomsråd
- Vidareutvikle det interkommunale samarbeidet med t.d. samordning av arrangement
- Vidareutvikle nettsida *Ung i Norddal*
- Ung helg 2010
- Gjere SLT-arbeidet kjent innan og utanfor kommunen
- Rusarrangement for ungdom
- Ny rolle: barnerepresentant

God Helse

- *Dugnad*, interkommunalt rusførebyggjande arbeid
- Rusførebyggjande satsing 13-15 år
- Kulturvandring/vekas tur/ aktivitetsprogram for sommarhalvåret i samarbeid med idrettslaga/andre lag
- Nettside *God Helse Norddal*
- Merking og rydding av turstiar
- Fiskesprell, fokus på fisk og sjømat i barnehagane
- God Helse inn i alle verksemdene i kommunen
- Uteområdet ved Valldal skule
- Deltaking i arbeid med Omsorgsplan 2015
- Trimtilbod for tilsette

Kraftsenteret/Frivilligsentralen

- Aktivt jobbe for å bli meir synleg.
 - Knyte til seg personar som ønskjer å bruke fritid saman med andre, og ta vare på dei.
 - Lage aktivitetsplan og gjere denne kjent.
 - Få til samarbeid med tilsette innan helse og omsorg
 - Arbeide for samarbeid mellom laga og det offentlege
 - Vere til støtte og hjelpe for lag og organisasjonar.
 - Gjere skysstilbodet kjent
 - Jobbe vidare med Kulturkalender for eldre
 - Meir fokus på aktivitet
 - Arbeid med tiltaksplassar i samarbeid med NAV
 - Pådrivar i arbeid om Aktivitetsdag for funksjonshemma
 - Koordinator for midlar” Den kulturelle spaserstokk”
 - Arbeid med prosjekt ” Dagtilbod for eldre”
 - Følgje med i utviklinga av frivilligsentralar
-

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 22 av 34

Teneste: Kommnehelse

Eining/ansvarsområde: Helseavdelinga

Mål for ansvarsområdet/ kort skildringa av tenesta Omfattar legekontoret i Valldal og utekontoret i Eidsdal, helsestasjonen med helsesøster inkl. jordmor, psykiatrisk sjukepleiar, kommunefysioterapeut og ergoterapeut, dei to sistnemnte er avtalar med Muritunet. Kommunen har avtale om driftstilskot med fysioterapeutar som driv privat praksis, fordelt til fysioterapeutar på Muritunet. Når det gjeld legesituasjonen har kommunen hatt tre gjennomgåande årsverk legar heile året. Legevakta krev supplerande innleige av vikarlegar, ut over at kommunen også har avtale med lege tilsett ved Muritunet. Det har vore skifte i kommunlege 1 og 2-funksjonen.

Nøkkeltal	Årsverk	2004	2005	2006	2007	2008	2009
	Legesekretærer	2,35	2,35	2,35	2,35	2,35	2,35
	Helsestasjonen inkl. jordmor	1,8	2	2	2	2	2
	Legar inkl. turnuslege	3	3	3	3	3	3
	Psykiatrisk sjukepleiar	1	1	1	1	1	1
	Kommunefysioterapeut*	0	0	0	0	0	0
	Ergoterapeut*	0	0	0	0	0	0
	Sum årsverk	8,15	8,35	8,35	8,35	8,35	8,35

*Sjå avtalar med Muritunet

Økonomiske resultat		Regnskap Buds(end)		
		2009	2009	
	Sum ansvar: 3101 Helsestasjon	657 828	731 200	-11,2
	Sum ansvar: 3102 Kurativ helsevern	4 295 182	3 842 000	10,6
	Sum ansvar: 3103 Jordmorteneste	227 880	244 600	-7,3
	Sum ansvar: 3104 Fysioterapiteneste	561 575	554 400	1,3
	Sum ansvar: 3105 Psykiatri	582 940	620 000	-6,4
	Sum ansvar: 3108 L-V sentralen	170 117	232 000	-36,4
	T O T A L T	6 495 521	6 224 200	4,2

Administrative eller faglege resultat Helseavdelinga har i meldingsåret utført dei ulike program og tiltak som lov og føresegner krev.

Særskilde utfordringar i tida som kjem Dei kommunale legetenestene må kome meir til syne. Arbeidsmiljøet i avdelinga må styrkjast i kraft av tverrfagleg samhandling og samhandling med andre tenester. Ein må tilstreve kontinuitet i legetenesta.

Teneste: Sosialtenestene

Eining/ansvarsområde: Sosialkontoret

Mål for ansvarsområdet/kort skildringa av tenesta

Tenestene innanfor sosial og barnevern arbeider innanfor lov om sosiale tenester, lov om barneverntenester og alkohollova. Sosialtenesta har sine hovudarbeidsoppgåver innanfor følgjande område: Sosialteneste med råd og rettleiing, økonomisk sosialhjelp, avlastning, støttekontakt, rusomsorg, reduksjon av renovasjonsavgift, arbeid med flyktingar, gjeldsrådgiving, barnevernteneste, individuelle planar og ansvarsgrupper. For Husbanken yter sosialtenesta sakshandsaming i forhold til bustønad, etableringstilskot og utbedringstilskot. Sosialtenesta er også med i arbeid innanfor OT-Oppfølgigstenesta for ungdom. Dette er arbeid for ungdom som av ulike grunnar sluttar skulegang under utdanninga si og har behov for ulik hjelp i tilknytning til dette. Det blir ytt hjelp til transportordningar for funksjonshemma.

Sosialtenesta hadde fram til september månad ei 100 % stilling og denne utgjorde ein stabsfunksjon. Av denne stillinga var 30 % til arbeid innanfor barnevern og dei resterande 70 % innan sosiale tenester.

Nøkkeltal	Budsjett 2009: Årsverk 1.1.09:	Rekneskap 2009: kr Årsverk 31.12.09:
------------------	-----------------------------------	---

Økonomiske resultat	Regnskap		Buds(end)		
	2009	2009	2009	2009	
Sum ansvar: 3202 Økonomisk sosialhjelp	376 452	406 000			-7,8
Sum ansvar: 3203 Edruskapsvern	-30 327	52 300			
Sum ansvar: 3204 Barnevern	504 396	879 800			74,4
Sum ansvar: 3375 NAV-Storfjord	152 840				
	1 003 361	1 338 100			-33,4

Administrative eller faglege resultat

Dei mest sentrale arbeidsoppgåvene for sosialtenesta i 2009 har vore innanfor økonomisk sosialhjelp, gjeldsrådgiving, individuell plan, ansvarsgrupper, avlastning og støttekontakt, rusførebygging, undersøking av hjelpetiltak i barnevernet, transportteneste, bustønad og arbeid innanfor alkohollova. Sosialtenesta her hatt relativt stor pågang innan gjeldsrådgiving og har samarbeid med Namsmannen om nokre av desse sakene. Alle meldingane innan barnevern og kontakt med brukarar er følgd opp på ein tilfredstillande måte. Det ser ut til at Sosialtenesta har klart å yte eit heilskepleg tilbod til personane som har hendvendt seg i 2009.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Stillinga i sosialtenesta vart i september månad overført til 100 % stilling i NAV Storfjorden og 50 % stilling vart overført til det interkommunale barnevernsamarbeidet. Dette samarbeidet er mellom kommunane: Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal. Hovedkontoret for Storfjord Barnevernteneste ligg i Skodje og NAV Storfjorden har eit kontor i kvar av samarbeidskommunane. Ei auka bemanning innan barnevernet og sosial vil truleg kvalitetssikre og fremje det førebyggjande arbeidet innan barnevern og sosial i Norddal kommune.

Teneste: Pleie og omsorg
Eining/ansvarsområde: Institusjon, heimebaserte tenester

Pleie og omsorg femner om heimetenestene i kommunen i form av heimehjelp og heimesjukepleie. Tiltak for personar med utviklingshemming er organisert under heimetenestene. Institusjonsbasert omsorg i form av Valldal sjukeheim med to avdelingar.

- **Heimetenestene**
 - Heimetenester i Valldal dekkjer heimesjukepleie, heimehjelp, 21 omsorgsbustader (gml trygdeavdelinga) og 6 rehabiliteringsplassar/korttidsplassar.
 - 13 ubemanna omsorgsbustader i Valldal.
 - Elvetun med 3 bustader for personar med utviklingshemming. Teneste til to personar med funksjonshemming som bur utanom dette bufellesskapet.
 - Omsorgsbustadane i Eidsdal med 12 bebuarar, dekkjer heildøgnsbemanning i bustaden, samt heimehjelp og heimesjukepleie i Eidsdal og Norddal. Kjøkkenet ved bustaden lagar middag til alle i Eidsdal og Norddal samt at dei leverer middag til heimebuande.
 - 2 ubemanna omsorgsbustader i Eidsdal.
 - Omsorgsbustaden i Norddal med 5 leilegheiter m/eige kjøkken og bad og 1 mindre leilegheiter, som dekkjer døgnbemanning (kvilande nattevakt), heimehjelp og heimesjukepleie. Desse to einingane er å sjå på som ei eining der personalet vekslar mellom å være i Eidsdal og Norddal.
- **Valldal sjukeheim**
 - Somatisk avdeling med 20 sengeplassar derav eit rom som teminalrom. Dette rommet blir i periodar brukt til ordinært rom, om behovet krev det.
 - Dementavdeling – Loftet med 8 sengeplassar.
 - 6 korttidsplassar fysisk plassert på omsorgsbustaden i Valldal.
 - Kjøkken som lagar mat til alle bebuarar i institusjon, 21 omsorgsbustader samt at dei lagar og leverer middag til heimebuande. Kjøkkenet har ei varierende mengde levering av møtemat og div andre leveransar. Dette blir utført så sant ein har kapasitet til dette.
 - Reinhold/vaskeri som har alt reinhold av alle institusjonsplassar, alle fellesrom og vasker klede for alle som bur her. I tillegg har dei vask av arbeidsklede til personalet. Heimehjelpene avlastar reinholdavdelinga når dei har ledig kapasitet.
 - Arbeidsstova med aktivitør og aktivitørassistent (permisjon 2009)

Etterspurnaden på sjukeheims plass og omsorgsbustad varierar, varierende venteliste på omsorgsbustad på begge sider av fjorden. Ved årsskiftet hadde vi ledige omsorgsbustader og ingen på venteliste. I 2009 hadde vi ingen liggande på sjukehus på venteplass vi måtte betale for. Alle plassar har gjennom året vore bebudd. Liggedøgnstatistikken viser eit belegg på 97,7 %. 4 av korttidsplassane var ved årsskiftet bebudd av pasientar med vedtak om langtidsopphald, medan to plassar har blitt brukt slik dei er meint brukt. Talet på heimebesøk er relativt stabilt, med variasjonar gjennom året både i antal og tenestebehov. Bebuarane i omsorgsbustadane er gjennomsnittleg dårlegare og krev difor meir hjelp frå heimetenestene. Etterspurnaden på heimehjelp ute på bygda var også i 2009 synkande, då mange av heimebuande flytta inn i bemanna omsorgsbustad eller på institusjon.

Nøkkeltal	Budsjett 2009: 40 197 680		Rekneskap 2009: 42 776 289				
			2005	2006	2007	2008	2009
Årsverk							
Heimetenester:							
Administrasjon			1	1	1	1	1
Elvetun			9,62	9,62	9,62	9,62	12,1
Heimetenesta i Valldal, med oms.bustadane			16,24	16,6	18	18,95	18,95
Heimetenesta i Eidsdal/Norrdal			11,4	11,5	11,5	11,5	11,06
Tiltak funksjonshemma			5,63	5,63	5,63	4	0
Verna arbeidsplass			0,2	0,2	0,2	0,2	0,2
Institusjon:							
Administrasjon, verksemdleiar/sekretær			1,5	1,5	1,5	2	2
Sjukeavdelinga – spl, hjpl, oms.arb, ass			20,8	20,8	21,4	21,5	21,5
Skjerma avdeling – spl, hjpl, oms.arb, ass			7,1	7,2	7,2	7,2	7,2
Aktivitør			1,5	1,5	1,5	1,5	1,5
Verna arbeidsplass			0	0	0	0	0
Kjøkken			4,9	4,9	4,9	4,8	4,8
Reinhold/vaskeri			3,8	3,8	3,8	3,8	3,6
Lærning			0,5	0,5	0,5	0,7	0,5
			84,19	84,75	86,75	86,77	84,44

Økonomiske resultat		Regnskap	Buds(end)	Avvik(%)
		2009	2009	
	3401 Heimeteneste i Valldal/Fjørå/Tafjord	10 434 218	10 064 680	3,5
	3402 Heimeteneste i Eidsdal/Norrdal	6.457.817	6.114.100	5,6
	3416 Tiltak funksjonshemma	5 509 714	3 895 500	29,3
	3450 Valldal sjukeheim	20 340 058	20 123 400	1,1
	3420 Leiarutvikling	34 481	0	
	Sum	42 741 807	40 197 680	6,4

Vi har mange fagpersonar tilsett i store stillingar og når behovet for ein fagperson er tilstades, må ein ofte ty til bruk av overtid. Bakvakt for sjukepleiarar utløyser nesten alltid overtid. Overforbruk skuldast på alle ansvar ein større bruk av vikar enn budsjettet tilsa. Når ein tilsett er sjuk blir alle tillegg vedkomande skulle hatt i sjukdomsperioden også utbetalt. Vikarutgifter til dei som er frikjøpt som tillitsvald eller hovudverneombod låg ikkje inn i budsjettet. Det same gjeld vikarutgifter for dei som har avtale i høve seniortiltak. Omsorgsbustader som i periodar har stått tomme gir svikt i leigeinntekter, samt at vi ahdde to bustader ståande tomme i samband med pandemiberedskap. Lavare inntekt på betaling for heimetenester skuldast minde behov for heimhjelp så her er personalet brukt til anna reinhaldsoppgåver ved behov. Endra innslagspunkt og % refusjon på ressurskrevjande brukar gir mindre overføringer. Det vart ikkje budsjettert med utgifter til støttekontakt, då denne disponeringa skulle overførast til sosial. Dette vart ikkje tilfelle i praksis.

Administrative eller faglege resultat

Heimebasert

Personellsituasjonen har vore relativ stabil. Sjukefråvær har skapt dei største utfordringane på dette området men vi har for tida relativt god tilgang på ufaglærte vikarar.

Arbeidsmiljøet i avdelingane er bra.

Ein avdelingssjukepleiar har fullført vidareutdanning innan leiing.

Dei fysiske arbeidstillhøva ved gamlebygget i Valldal er framleis det same. Eigedomsselskapet har fått i bestilling å sjå på den totale bygningsmassen i pleie og omsorg, men arbeidet har ikkje kome igong.

Ein sjukepleiar er under vidareutdanning i rehabilitering. Ein hjelpepleiar er under vidareutdanning i aldring og eldreomsorg.

Talet på brukarar varierar noko men over ein tidsperiode på eitt år er den relativt stabil. Hjelpebehovet kan imidlertid variere sterkt.

Institusjon

Personellsituasjonen ved sjukeheimen er stabil, og den største utfordringa har vore å dekke opp sjukepleiestillingane, men situasjonen har likevel vore betre enn i 2008. Sjukefråværet har variert gjennom året, men viser på årsbasis 11,1 %. Tilsette som har gått av med pensjon har også i 2009 vore ein god og naudsynt ressurs. 8 av 11 som starta opp med utdanning som helsefagarbeidar fekk fagbrev i 2009. Dette har vore eit samarbeidsprosjekt med Stranda og Stordal kommune i regi av Stranda vidaregåande skule. To sjukepleiarar er under vidareutdanning innnan lindrande behandling til kronisk sjuke.

Heimebasert omsorg

Å gi rette tenester i rett omfang er den største utfordringa i heimtenestene. Det er viktig å tildele tenester etter lovkrava. Innbyggerane i Norddal kommune har store forventningar til heimetenestene og ein må være realistisk i tildelinga av tenester. Brukarmedverknad er viktig å ta omsyn til og gir større utfordringar framover sidan befolkninga vil ha stadig meir kunnskap om rettigheter dei har. Sjølv om samhandlingsreforma ikkje er vedtatt ser ein tendens til at brukarane blir tidlegare og tidlegare utskrivne frå sjukehus. Å ha nok tilgang på korttids/rehabilitering vil framover være ei utfordring vi må sjå nærare på.

Institusjon

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Behov for sjukeheimsplassar ser ut til å vere tilfredstillande framover. Å skaffe personell med rett kompetanse vil også i åra framover gi oss utfordringar. Hjelpepleiarstaben er stabil. Det er vanskelegare å skaffe stabilitet blant sjukepleiarane enn hjelpepleiarane. Rekruttering frå eigne rekker ser ut til å være mest vellukka.

Hovudutfordringa for heile pleie og omsorg vil framleis være å gi kvalitetsmessige gode tenester utifrå dei ressursar vi til ei kvar tid har tilgjengelege. Vi må bli flinkare å styre ressursbruken inn mot det vi faktisk har på budsjettet i den grad det er forsvarleg både med tanke på brukarane sine behov og personalet sin arbeidssituasjon. Store lovkrav og andre krav frå myndigheiten gjer at spesielt leiarane i avdelingane får større utfordringar og stadig meir administrative oppgåver som må leverast. Psykiatri i både heimtenesta og institusjon er ei utfordringa, då få av personalet har utdanning innan dette feltet. Vi er avhenging av å få veiledning frå spesialisthelsetenesta. Demensplan 2015, omsorgsplan 2015 og kompetanseplan 2015 er planverk vi må ta omsyn til ved utforminga av teneste i åra framover. Kompetanseheving blant personalet generelt vil være ei god investering i åra framover, både for å behalde og rekruttere. Nye utfordringar i høve meir komplekst sjukdomsbilete krev personell med brei kompetanse.

Meir og meir av behandling og oppgåver blir flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunene. Vi ventar i spenning på samhandlingreforma som no er sendt til stortinget for behandling.

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 26 av 34

Teneste: Tekniske tenester Eining/ansvarsområde: PBO og FDV

Mål for ansvarsområdet/kort skildringa av tenesta
PBO: Avdelinga har som hovudansvar områda plan (reguleringsplan og kommuneplan), bygg (byggesakshandsaming) og oppmåling (delingssaker, målegrunnlag, kartverk). Arbeid md grunnnerverv er lagt til avdelinga. Brannvern, feiing og oljevern er og lagt til avdelinga. I tillegg har avdelinga hatt fleire oppgåver på investeringsida med planlegging og gjennomføring av anlegg.

Teknisk drift - FDV er ei verksemd som har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunaltekniske oppgåver som veg, vatn, avløp, renovasjon, park og anlegg samt bygningsmassen til kommunen og eigen maskinpark.

Nøkkeltal	Budsjett	2004	2005	2006	2007	2008	2009
	PBO						3,3
	FDV	10,1	10	9,6	10	5,5	5,1

Økonom-iske resultat		Regnskap	Buds(end)	Avvik
		2009	2009	
	Sum ansvar: 4100 Fagansvarleg FDV	1 054 920	1 514 100	-459 180
	Sum ansvar: 4201 Kommunale vegar	2 916 292	2 504 100	412 192
	Sum ansvar: 4202 Veg og gatelyst	395 322	450 000	-54 678
	Sum ansvar: 4215 Skisseprosjekt Tunnel Norddal	61 210	60 000	1 210
	Sum ansvar: 4401 Renovasjon	637	-200 000	200 637
	Sum ansvar: 4402 Avløp og rens	0	0	0
	Sum ansvar: 4403 Vassverk	-207 386	-99 200	-108 186
	Sum ansvar: 4501 Felles maskinpark	1	582 500	-582 499
	Sum ansvar: 4601 Offentleg område	590 437	336 500	253 937
	SUM Fdv	4 811 433	5 148 000	-336 567
	Sum ansvar: 5100 Fagansvarleg PBO	1 774 868	1 478 900	295 968
	Sum ansvar: 5200 Brannvern	1 949 037	1 800 800	148 237
	Sum ansvar: 5201 Oljevern	11 192	12 000	808
	Sum ansvar: 5300 Feiing	45 073	0	45 073
	SUM Pbo	3 780 170	3 291 700	488 470
	Totalsum FDV/PBO	8 591 603	8 439 700	151 903

Pbo viser ei underdekking i underkant av 0,5 mill. Dette skuldast innleige av ekstern plankapasitet. Utvida brøyteberedskaptida uten tilføring av midlar i budsjett er ein av grunnane til underdekkinga på kommunale vegar.

Admini-strative eller faglege resultat
Pbo og Fdv er slått saman til ei teknisk avdeling. Det har ikkje lukkast å få tilsett verksemdsleiar. Eit av ingeniørårsverka er elles vakant.

I 2009 vil ein nemne desse resultatata:

- Rullering av kommunplanen, arealdelen
- Prøveboring etter grunnvatn
- Utbetring Kilstivegen
- Utbedring Fv 092
- Etablering i Djupøyyna,
- Planarbeid distribusjonsnett Fjærenvarme
- Gjennomføring av deler i Hovudvassplanen
- Langsiktig asfalteringsprogram

Særskilde utford-ringar i tida som kjem
Den største utfordringa dei tekniske tenestene står overfor i tida framover er å få tak i kvalifisert personell som skal dekke eit breitt fagleg spekter med mange ulike oppgåver og til dels store oppgåver. Viss ikkje, må ein også framover basere seg på å kjøpe meir av både kapasitet og kompetanse..

Einingane FDV og PBO er slått saman for å oppnå meir fleksibel nytte av ressursane. Dette får likevel ingen verknad før vakansar er fylte. Norddal og Stordal har inngått samarbeidsavtale på oppmålingsarbeid. Denne avtalen kan også utvidast til fleire område innafør tekniske tenester.

Teneste: Næring
Eining/ansvarsområde: Næring

Kort skildringa av tenesta Næringsavdelinga er som førstelina, forvaltar av den statlege og kommunale næringspolitikken. Ein skal leggje til rette for næringsutvikling i vid tyding, og vere eit kompetanse og rådgivingsorgan for alle næringar. Skog, jord og viltforvaltning, og ulike oppgåver innan utmark og arealforvaltning, miljø og kulturlandskap ligg òg til avdelinga. Spesielt kan nemnast oppgåver og forvaltning knytt til forvaltning til Reinheimen Nasjonalpark og diverse større og mindre landskapsvernområde og Geiranger – Herdalen landskapsvernområde.

T.kjøp = kjøp av tenester Fjordhagen

Nøkkeltal	Årsverk	2005	2006	2007	2008	2009
	Næringsssjef	1	1	1	1	1
	Næringskonsulent	0,5	0,5	T.kjøp	T.kjøp	T.kjøp
	Skogbrukssjef	0,25	0,25	0,25	0,25	0,25
	Sakshandsamar vilt	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10
	Landbruksvikar	0,50	0,50	1,00	0,00	0,00
	Kommuneveterinær	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00
	Naturforvaltar	0,00	0,00	0,00	1,00	1,00
	SUM	3,35	3,35	3,35	3,35	3,35

Økonomiske resultat	Buds(end) Regnskap		Avvik i %
	2009	2009	
Sum ansvar: 6100 Næringsutvikling	3.373.800	3.492.905	3,4
Sum ansvar: 6102 Veterinærteneste	305.000	227.298	-25,5
Sum ansvar: 6103 Skogkultur	0	-434	0
Sum ansvar: 6110 Næringsfondet	32000	1.193	0
Sum ansvar: 6118 Døropnarprosjekt	0	35.681	0
Sum ansvar: 6119 Gudbrandsjuvet	800.000	800.000	0
Sum ansvar: 6120 Energi og klimaplan	0	100.000	0
Sum ansvar: 6121 Fjernvarmeanlegg	0	64.500	0
Sum ansvar: 6201 Jakt og viltstell	50.700	122.557	58,6
Sum ansvar: 6210 Forvaltningsplan Reinheimen	-200 000	-246.884	19,0
Sum	4.361.500	4.596.816	5,1

Administrative eller faglege resultat **Næringsforvaltning**

Toralv Klokkehaug er tilsett som næringsssjef i 100 % stilling. Hovedarbeidsområda er leiar for næringsavdelinga, arbeid med næringsfond, jord- og konsesjonssaker og SMIL- tilskot. Arbeidet med BU-midlar ovanfor Innovasjon Norge og Møre og Romsdal fylke er eit anna stort arbeidsområde. Saksførebuing til formannskapet og administrasjon tek mykje av tida. Gjennom ein samarbeidsavtale med Fjordhagen AS innan førstelinjetenesta har ein bygd opp god kompetanse med tanke på hjelp og tilrettelegging når det gjeld spesielt næringsfondsaker og BU- saker. Tilbakemeldinga frå søkjarane har vore gode, og ein legg stor vekt på teambasert rådgjeving. På denne måten kan ein få fram dei gode søkjarene og dei gode sakene.

I 2009 har ein merka stor interesse for nyinvestering og satsing i næringslivet. Innan landbruket har ein no etablert 3 større samdrifter innan kumjølke og ei samdrift innan geit. Det er også planlagt større investeringar på einskildbruk. Årsaken til dette er optimisme og vilje til nysatsing både blant yngre og eldre gardbrukarar. Gode tilskotsordningar innan verdsarvområdet er ein av årsakane til dette.

For næringslivet elles er det no mange som også satsar på nyskaping og vidareutvikling av eksisterande verksemdar. Dette er positivt og gledeleg for heile kommunen. Samarbeidet med Fjordhagen er viktig for å få dette til.

Næringsssjefen er sekretær for rovviltutvalet og dei hadde 2 møte i 2009. Det vart jobba med desse sakene: Jervebåsar, jervejakhurs, meldeteneste, åtejakt, skotpremie på rev, tidleg sankina av sau og ekstra tilsyn.

Næringsssjefen har den daglege leiinga av næringsavdelinga og det går mykje tid til administrasjon og tilrettelegging. Kontakta mot administrativt leiding er viktig.

Naturforvaltning

Naturforvaltar Kristin Sandnes er tilsett i 100 % stilling, men har hatt permisjon frå delar av stillinga. Det er spesielt lokal forvaltning av Reinheimen Nasjonalpark og andre viktige landskapsvernområde som er grunnlag for stillinga, men også ynskje om meir kompetanse i kommunen i samband med forvaltning av saker innan utmark, innlandsfiske, energi- og klimaspørsmål.

Bestillingsdialogen:

Fått opp infotavler for Reinheimen Nasjonalpark, Tafjord-Reindalen landskapsvernområde og Trollstigen landskapsvernområde på tre stader. Har samarbeidd med andre aktørar som skal informere, og det har ført til meir heilskaplege informasjonspunkt og reduserte kostnader for alle partar. Skilta som har kome opp står i Valldal sentrum og Tafjord sentrum der ein har samarbeidd med kulturavdelinga og Verdsarvadministrasjonen, og ved K 5 ved starten av råsa til Reindalssetra. På det punktet har vi samarbeidd med Ålesund og Sunnmøre Turistforening som hadde behov for å oppdatere sin informasjon. I arbeidet har ein kjøpt tenester lokalt i form av layout og reinskriving/omsetjing frå Språksmia, tekstar og bilete frå Astor Furset og bilete frå Vegard Lødden.

Til arbeid med fundamentering og montering har ein kjøpt tenester frå Selboskar og Relling AS.

I tillegg vart det sett opp bom ved køyrespor på Slettvikane, og skiltet som skal oppførast på den planlagde rasteplassen på Slettvikane er ferdig til trykking.

Alle kostnader for verneområda sin del er dekt frå eksternt hald gjennom den årlege bestillingsdialogen med Statens naturoppsyn. I Norddal vart det nytta kr 171 503,- eksl. mva. i 2009 til infotavler. Kommunen fekk tildelt kr 100.000 til formålet for 2009. Ein søkte og fekk, i tillegg om å få omdisponere kr 50.000 som var tildelt, men ikkje nytta i 2008. Dei resterande kr 21 503,- vart dekt av KUR på grunn av at dei andre kommunane ikkje gjennomførte sine planlagde prosjekt og dermed ikkje nytta sine tildelte midlar.

Planlegging av tiltak for 2010 og søknad etter midlar. Fekk utarbeidd og godkjent Reguleringsplan for Slettvikane i samarbeid med Berge Hjørungnes. Har søkt om midlar til dette og tre infotavler gjennom bestillingsdialogen for 2010.

Fullført arbeid med Energi- og klimaplan for kommunen som no ligg ute til høyring.

Sendt felles søknad om lokal forvaltning av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde i samarbeid med Stranda kommune

Utarbeidd søknad til verdiskapingsprogrammet for naturarven i samarbeid med Stranda kommune og Verdsarvadministrasjonen. Denne gjekk ikkje gjennom, men arbeidet var likevel verdifullt sidan ein fekk i gang eit godt samarbeid/dialog og materialet delvis kan nyttast i ny søknad til Verdiskapingsprogrammet som no har utlyst ny frist, og i Bulyst-prosjekt.

Arbeidd med informasjonsplan for Reinheimen og andre saker i samarbeid med administrativt fagutval for KUR.

Sakshandsaming etter motorferdsellov, forskrifter for verneområda, Naturmangfaldlova etc.

Tilskotsforvaltning mv.

Monika Høydal er tilsett på servcetoget og nytter ca 50 % av stillinga til tilskotsforvaltning og arkivarbeid. Hun utfører eit svært viktig arbeid på mange plan innan tilskotsforvaltning. Arbeidet med produksjonstilskot og regionalt miljøprogram tek mykje av tida. Tilskot frå desse ordningane utgjer ca 18,5 mill i 2009.

Tilskot utbetalt til setersatsing er kr 230.000,- og til bruk som grensar til eller ligg i verdsarven kr 876.000,-. Det er utbetalt kr 1.522,- til skogkultur og kr 472.816,- i SMIL- midlar.

Gardskarta vart retta med ekstern innleigd hjelp i 2009.

Ei anna viktig ordning er sjukdomsavløylysing i landbruket. Her er regelverket er omfattande, men vi har god kompetanse på området.

Det vart i 2009 ikkje solgt kumjølkkvote, men kjøpt 45.214 l som fordeler seg på 19.825 l som er kjøpt privat og 25.389 l som er kjøpt statleg.

Næringsfondstyret hadde 2 møter, og dei løyvde tilskot til 16 saker med samla tilskot på kr 1.515.000,-. I tillegg har det vore gitt mindre tilskot gjennom delegerte vedtak. Kommunen har også løyvd tilskot til drift av turistferja og DGT.

Viltforvaltning

Inge Lilleås har vore tilsett i 10 % stilling. Det er felt 11 rådyr, 248 hjort og 1 elg. Det vart gjeve fellingsløyve til

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 29 av 34

89 rådyr (kvotefri jakt på rådyr kjem i tillegg) og 485 hjort. Det er registrert 3 fallvilt av rådyr og 24 av hjort. Saldoen for viltfondet var den 01.01.2010 kr 186.712,- og 01.01.2009 kr 177.139,-. Det er brukt kr 69.432,- av fondet. Når det gjeld skadedyrfelling, er det gitt fellingsløyve til 3 rådyr og løyve til felling av skadegjerande fugl.

Skogforvaltning

Andreas Bostad Thaulle er skogbrukssjef i Norddal kommune. Han har 100 % stilling i Stranda, Sykkylven og Norddal kommune. Det har vore låg aktivitet i skogbruket i 2009. Det er planta 500 gran etter foryngingshogst. I tillegg er det gjennomført ungskogpleie på 10 dekar.

Hogst av industrivirke av gran var i 2009 på 297 m³. Gjennom dei offisielle kanalane vart det omsatt sagtømmer av både gran (29 m³) og furu (64 m³). Det vart omsatt 203 m³ massevirke, i hovudsak gran. I tillegg kjem hogst av virke til vedproduksjon. Våren 2009 vart det innført eit tilskot på uttak av virke til bioenergi frå sentralt hald. Møre og Romsdal fylke mottok to slike søknadar, og ein av desse kom frå Norddal. Påmeldinga på skogbruksplan har vore for lita til at ein kan setje i gang arbeidet, og ein er nøydd til å sette i verk nye tiltak for å få auka oppsluttinga.

Særskilde utfordringar i tida som kjem	Næringsavdelinga sine utfordringar og oppgåver: <ul style="list-style-type: none">- Skape tru på framtida for dei som driv med tradisjonell landbruksdrift og anna næringsarbeid- Vere positiv til nyskaping og kreativitet- Aktivt bruk av ulike virkemiddel- Bidra til bulyst i kommunen- Legge vekt på jordvern i sakshandsaminga- Aktivt bruk av landbruksplanen- Bonden som matprodusent må stå sentralt- Bidra til god rovviltforvaltning der både husdyr og rovdyr kan ha sin rettmessige plass- Driftsplanbasert viltforvaltning som kan gi grunneigarane inntekter- Vedklegge verdien av god skogpleie og hogst- Vere pådrivar til utvikling av fornybar energi- Samarbeid med nabokommunar når det gjeld forvaltning av kommuneovergripande tiltak- Lokal forvaltning og forankring av verneområde
---	--

Utvalde nøkkeltal, kommunar - nivå 1

	1524 Norddal 2009	1525 Stranda 2009	1526 Stordal 2009	Gj.snitt Møre og Romsdal 2009	Gj.snitt landet utenom Oslo 2009
Finansielle nøkkeltall					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-2	4	4	2	1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2		1	2	3
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	158	269	173	174	173
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	8	29	53	19	22
Frie inntekter i kroner per innbygger	48 583	37 757	46 570	34 859	33 486
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	30 282	88 282	45 750	36 741	35 848
Prioritering					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	33 818	7 691	10 975	14 239	15 798
	111				
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring per innbygger 6-15 år	519	97 704	87 847	84 907	82 747
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	3 486	2 817	3 862	1 768	1 715
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	23 302	13 035	14 334	14 522	13 105
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1 137	1 233	1 156	1 867	2 437
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	1 309	1 821	2 202	4 968	5 376
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	6 003	4 767	5 460	3 661	3 531
Dekningsgrad					
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	90	96	77	91	89
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	10	6	5	8	8
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	14	10	18	10	9
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11	9	10	8	8
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	96	94
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	16	12	13	16	14
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	2	2	3	3	4
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	2	4	5	5	4
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innbygger	26	15	18	11	9
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	11	24	39	28	37
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	32	..	15	19	20
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere
Produktivitet/enhetskostnader					
		111	103		132
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	98 300	484	775	129 435	795
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202, 222, 223), per elev	89 579	96 878	93 777	84 134	83 897
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.til 7.årstrinn	11	11	13	13	13
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.til 10.årstrinn	10	10	8	14	15
	300	225	193		172
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av kjernetjenester til hjemmeboende	655	696	952	181 367	746
	746	747	685		829
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	206	429	895	770 068	914
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	2 298	2 448	..	2 627	2 623
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	930	2 557	1 111	2 116	3 043
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	2 525	2 518	2 329	2 389	2 296
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdager)	29	35
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, vedtatte reguleringsplaner (dager)	200
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, kartforretning (kalenderdager)	40	25	..	80	87
	127				106
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	435	85 254	82 000	92 972	424
Lovanvendelse					
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	100	100
Andel dispensasjonssøkn. for nybygg i 100-m beltet langs saltvann innvilget	..	100

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 31 av 34

C. Barnehager - kvalitet

	1524 Norddal 2009	1525 Stranda 2009	1526 Stordal 2009	Gj.snitt Møre og Romsdal 2009	Gj.snitt landet utenom Oslo 2009
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	89,9	96,1	77,2	91	89,2
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	80	91,7	85,3	80,2	78
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	95,3	99,3	71,1	98	96,7
Tilgjengelighet					
Andel barnehager med åpningstid fra 0 inntil 6 timer per dag	0	0	0	0	0,2
Andel barnehager med åpningstid fra 6 inntil 9 timer per dag	0	28,6	0	2,8	7,3
Andel barnehager med åpningstid fra 9 inntil 10 timer per dag	100	71,4	100	53,9	58,5
Andel barnehager med åpningstid 10 timer eller mer per dag	0	0	0	42,4	31,8
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent førskolelærerutdanning	88,9	68,2	42,9	81	85,6
Andel assistenter med førskolelærerutd, fagutd, eller annen pedagogisk utdanning	37,5	15,6	11,1	20,7	25,9
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	7,7	5,5	3,4	5,3	5,5

D. Grunnskoleopplæring - kvalitet

Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	41,75	40,87	46,19
Overgang til videregående skole	100	100	100	97,93	97,14
Andel av 6 åringer som fortsetter i SFO andre året	70	89	90	92	95
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.til 7.årstrinn	10,8	10,7	12,6	12,5	13
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.til 10.årstrinn	10,1	9,5	8,4	14,2	14,6
Antall elever per datamaskin	3,2	3	3,3	3,7	3,3
Andel ansatte i SFO med lærerutd, førskoleutd eller fagutd i barne- og ungdomsarbafaget.	37	8	53	29	36

E. Kommnehelse - kvalitet

Åpningstid ved helsestasjon for ungdom. Sum timer per uke.	0	2	1
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	87	105	100	78	80
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,23	0,23	0,46	0,29	0,34
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,19	0,2	0,23	0,2	0,29

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 32 av 34

F. Pleie og omsorg - kvalitet

Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,23	0,23	0,46	0,29	0,34
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,19	0,2	0,23	0,2	0,29
Andel beboere på tidsbegrenset opphold	..	15,6	..	22,6	25
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	96,4	93,8
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	85,3	11,9	100	64,5	68,3
System for brukerundersøkelser i institusjon	Ja	Nei	Nei
System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten	Ja	Nei	Nei
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning	69	64	73	75	73
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning fra videregående skole
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning fra høyskole/universitet
Andel legemeldt sykefravær av totalt antall kommunale årsverk i brukerrettet tjeneste

M. Samferdsel - kvalitet

Andel fylkesvei med fast dekke. Prosent	100	100	100	90,9	81,4
Andel kommunale veier og gater med fast dekke. Prosent	100	46,3	83,3	76,6	66,1
Antall parkeringsplasser skiltet for handikappede pr. 1000 innbygger	1	2	13	2	1

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 33 av 34

Møtedato	Journaltittel	Saksnr	Sbh	Status
29.01.2009	Godkjenning av møtebok	'001/09	BEOS	Ferdig
29.01.2009	Referatsaker	'002/09	BEOS	Ferdig
29.01.2009	Skredsenter - forprosjekt fase 1	'003/09	AUOD	Ferdig
29.01.2009	Val av overtakstnemnd for egedomsskatt 2009-2011	'004/09	BEOS	Ferdig
29.01.2009	Val av medlem og varamedlem til representantskapet i Ålesundregionen interkommunale miljøelskap (ÅRIM)	'005/09	BEOS	Ferdig
29.01.2009	Bygdeutval	'006/09	STHO	Ferdig
29.01.2009	Søknad om støtte til trakkemaskin	'007/09	AUOD	Ferdig
29.01.2009	Reduksjon på tal av røystekrinsar i Norddal kommune	'008/09	BEOS	Ferdig
29.01.2009	Samarbeidsavtale med Destinasjon Geirangerfjord/Trollstigen AS - fullmakt til formannskapet	'009/09	STHO	Ferdig
12.03.2009	Godkjenning av møtebok	'012/09	BEOS	Ferdig
12.03.2009	Referatsaker	'013/09	BEOS	Ferdig
12.03.2009	Elektronisk utsending av sakspapir og møtebehandling	'014/09	MAGR	Under arbeid
12.03.2009	Endring av retningslinjer for næringsfondet i Norddal kommune	'015/09	TORK	Ferdig
12.03.2009	Leiingstruktur ved Eidsdal skule, Dalsbygda skule og Eidsdal barnehage - utsett sak	'016/09	HESV	Ferdig
12.03.2009	Omdømmebygging og rekruttering	'017/09	STHO	Ferdig
12.03.2009	Søknad om etablering av Vinmonopol	'018/09	STHO	Ferdig
12.03.2009	Røysterett for 16-åringar	'019/09	KRST	Ferdig
12.03.2009	Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS - endring av selskapsavtalen	'020/09	STHO	Ferdig
30.04.2009	Godkjenning av møtebok	'021/09	BEOS	Ferdig
30.04.2009	Referatsaker	'022/09	BEOS	Ferdig
30.04.2009	Evaluering av samarbeidsavtale mellom Fjordhagen AS og Norddal kommune - etablering av ny avtale	'023/09	TORK	Ferdig
30.04.2009	Revidering av Byggande plan for barn og unge	'024/09	AUOD	Ferdig
30.04.2009	Seniorpolitisk plan - justeringar	'025/09	PENY	Ferdig
30.04.2009	Val av medlemar til styret for Norddal Egedomsselskap KF	'026/09	BEOS	Ferdig
30.04.2009	Val av representant i styret for Muritunet AS	'027/09	BEOS	Ferdig
30.04.2009	Forslag på representant med vara til styret for Vita fjord AS	'028/09	BEOS	Ferdig
30.04.2009	Forslag på representant til styret i Storfjord helsesenter AS	'029/09	BEOS	Ferdig
30.04.2009	Søknad om skjenkeløyve - Tafjord-Naustet	'030/09	MAGR	Ferdig
30.04.2009	Søknad om skjenkeløyve - Kulå Bowling AS	'031/09	MAGR	Ferdig
30.04.2009	Søknad om skjenkeløyve - Båthamn Camping Tafjord	'032/09	MAGR	Ferdig
04.06.2009	Godkjenning av møtebok	'033/09	BEOS	Ferdig
04.06.2009	Referatsaker	'034/09	BEOS	Ferdig
04.06.2009	Budsjettrevisjon 1. tertial 2009	'035/09	EIHO	Ferdig
04.06.2009	Årsmelding og rekneskap 2008	'036/09	EIHO	Ferdig
04.06.2009	Skatteoppkrevaren - årsrapport 2008	'037/09	EIHO	Ferdig
04.06.2009	Rekneskap 2008 - Norddal Egedomsselskap KF	'038/09	ARKR	Ferdig
04.06.2009	Årsmelding 2008 - Norddal Egedomsselskap KF	'039/09	ARKR	Ferdig
04.06.2009	Årsmelding og rekneskap 2008 - Frivilligsentralen	'040/09	EIHO	Ferdig
04.06.2009	Valldal skule - ombygging/utviding - tilleggsfinansiering	'041/09	EIHO	Ferdig
04.06.2009	Breibandsutbygging resterande områder utan dekning	'042/09	RUSA	Under arbeid
04.06.2009	Innkjøp av aggregat	'043/09	AUOD	Ferdig
04.06.2009	Interkommunal samarbeid - skatt og innfordring	'044/09	EIHO	Ferdig
04.06.2009	Interkommunal barnevernteneste - godkjenning av samarbeidsavtale	'045/09	STHO	Ferdig
04.06.2009	Ansvar tilsetting av verksemdsleiarar og stillingar som ikkje er knytt til ei verksemd	'046/09	PENY	Ferdig
04.06.2009	Ansvar for gjennomføring av lønsforhandlingar	'047/09	PENY	Ferdig
04.06.2009	Samarbeidsavtalar med lag og organisasjonar	'048/09	AUOD	Ferdig
04.06.2009	Val av røystestyre i høve Stortings- og samrtingsvalet 2009 - delegering til valstyret	'049/09	BEOS	Ferdig
25.06.2009	Godkjenning av møtebok	'050/09	BEOS	Ferdig

Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Side 34 av 34

25.06.2009	Referatsaker	'051/09	BEOS	Ferdig
25.06.2009	Kommuneplan 2009 - 2020 - arealdelen	'052/09	KAVE	Ferdig 2010
25.06.2009	Val av kommunal vegnemnd med mandat	'053/09	YNHO	Ferdig
25.06.2009	Samarbeidsavtale mellom NAV Møre og Romsdal og kommunane Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal om etablering av ny arbeids- og velferdsforvaltning (NAV)	'054/09	STHO	Ferdig
25.06.2009	Etablering av ny arbeids- og velferdsordning (NAV) - interkommunalt samarbeid mellom kommunane Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal	'055/09	STHO	Ferdig
25.06.2009	Fritak for betaling av eidegdomsskatt - Hoelsfossen Elverk AS	'056/09	HESV	Ferdig
25.06.2009	Åknes/Tafjord beredskap IKS - godkjenning av endra selskapsavtale	'057/09	STHO	Ferdig
25.06.2009	Reguleringsplan - Berge hyttegrend	'058/09	KAVE	Ferdig
25.06.2009	Reguleringsendring Lingås hyttegrend gnr. 2 bnr.2	'059/09	KAVE	Ferdig
25.06.2009	Uttale til forslag til endring av teknisk forskrift § 7-32 - Sikkerhet mot naturpåkjenning	'060/09	KAVE	Ferdig
24.09.2009	Godkjenning av møtebok	'061/09	BEOS	Ferdig
24.09.2009	Referatsaker	'062/09	BEOS	Ferdig
24.09.2009	Ny plan- og bygningslov - Delegasjon frå kommunestyret	'063/09	KAVE	Ferdig
24.09.2009	Kilstivegen - gjennomføring/finansiering	'064/09	YNHO	Ferdig 2010
24.09.2009	Val av medlemar til styret for Norddal Eidegdomsselskap KF	'065/09	STHO	Ferdig
24.09.2009	Uttale frå Norddal kommunestyre vedk. planprogram for RV 15 Strynefjellet	'066/09	BJRU	Ferdig
22.10.2009	Godkjenning av møtebok	'067/09	BEOS	Ferdig
22.10.2009	Referatsaker	'068/09	BEOS	Ferdig
22.10.2009	Val av medlemar til styret for Norddal Eidegdomsselskap KF	'069/09	STHO	Ferdig
22.10.2009	Budsjettrapport 2009 - 2. tertial	'070/09	EIHO	Ferdig
22.10.2009	Reguleringsplan Slettvikane, rasteplass ved RV 63	'071/09	KAVE	Ferdig
12.11.2009	Godkjenning av møtebok	'072/09	BEOS	Ferdig
12.11.2009	Referatsaker	'073/09	BEOS	Ferdig
12.11.2009	Reguleringsplan Langdal	'074/09	KAVE	Ferdig
12.11.2009	Reguleringsplan for del av Linge gnr. 1/1 og 1/7	'075/09	KAVE	Ferdig
12.11.2009	Pedagogisk- og Psykologisk Teneste for Norddal og Stranda - PPT	'076/09	GURE	Ferdig
12.11.2009	Betalingsattsar for skulefritidsordning (SFO)	'077/09	GURE	Ferdig
17.12.2009	Godkjenning av møtebok	'078/09	BEOS	Ferdig
17.12.2009	Referatsaker	'079/09	BEOS	Ferdig
17.12.2009	Eigenbetaling - kulturskolen	'080/09	AUOD	Ferdig
17.12.2009	Betalingsattsar for barnehagar	'081/09	GURE	Ferdig
17.12.2009	Betalingsattsar for skulefritidsordning (SFO)	'082/09	GURE	Ferdig
17.12.2009	Sattsar for brukarbetaling - sektor for pleie og omsorg 2010	'083/09	TULO	Ferdig
17.12.2009	Renovasjonsgebyr for 2010	'084/09	YNHO	Ferdig
17.12.2009	Vass- og avløpsgebyr 2010	'085/09	YNHO	Ferdig
17.12.2009	Budsjett 2010 - Økonomiplan 2010-2013	'086/09	EIHO	Ferdig
17.12.2009	Informasjonsplan for Reinheimen - høyring	'087/09	KRSA	Ferdig
17.12.2009	Rusførebygging - Dugnad	'088/09	KRST	Ferdig
17.12.2009	Sunnmøre krisesenter - oppseiing av avtale	'089/09	SOOV	Ferdig
17.12.2009	Feie-/eldstadsavgifter 2010	'090/09	LASM	Ferdig

Ferdig: Teken i bruk/opstarta